

# Trygg og framtidsretta




Timeplan  
2018 - 2021

Vedtatt i Time kommunestyre 05.12.2017



Time kommune





## - Trygg og framtidsretta

Kommunen (politikarar, leiarar, medarbeidrarar og tillitsvalde) skal være prega av:

- Ansvar
- Engasjement
- Gjensidig respekt
- Optimisme

## Mål

Innbyggjarane/brukarane: Rett teneste til rett tid

Medarbeidarane: Stolte og kompetente

Samfunn/miljø: Alle bryr seg og tek ansvar for framtida

Økonomi: Sunn økonomi som sikrar måloppnåing

## Kjenneteikn for alle leiarar i Time kommune

- Tek ansvar for heilskapen og samarbeider
- Synleg og tydeleg leiing
- Verdi og kulturyggjar
- Kommuniserer ope og aktivt
- Er brukar-, mål- og handlingsorientert
- Motiverer, skaper trivsel og gjer kvarandre gode

# Innhald

<b>1 Samandrag</b>	<b>6</b>
<b>2 Utviklingstrekk</b>	<b>8</b>
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk	8
2.2 Folketalsutvikling	8
<b>3 Lokalsamfunnet Time</b>	<b>11</b>
3.1 Samfunnsutvikling	11
3.2 Time for alle	12
3.3 Trygg i nærmiljøet	13
3.4 Førebygging og tidleg innsats	14
3.5 Kultur og trivsel	14
3.6 Bryne – byen vår	14
3.7 Kommuneorganisasjonen	15
3.8 Mål for langtidsperioden	15
<b>4 Økonomi</b>	<b>17</b>
4.1 Statsbudsjettet 2018	17
4.2 Rammer og føresetnader	18
4.2.1 Inntektsføresetnader	18
4.2.2 Utgiftsføresetnader	19
4.3 Nøkkeltal og risikoanalyse	20
<b>5 Omstilla, fornya og forenkla</b>	<b>22</b>
5.1 Status og utfordringar	22
5.2 Mål for langtidsperioden	22
<b>6 Velferdstenester</b>	<b>23</b>
6.1 Oppvekst	23
6.1.1 Status og utfordringar	23
6.1.2 Omstilling	29
6.1.3 Mål for langtidsperioden	29
6.1.4 Tiltak i 2018	30
6.1.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	33
6.1.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	33
6.1.7 Oversikt over personalressursar	34
6.2 Omsorg	34
6.2.1 Status og utfordringar	34
6.2.2 Omstilling	37
6.2.3 Mål for langtidsperioden	38
6.2.4 Tiltak i 2018	38
6.2.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	39
6.2.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	39
6.2.7 Oversikt over personalressursar	40
6.3 Samfunn	40
6.3.1 Status og utfordringar	40



6.3.2 Omstilling	46
6.3.3 Mål for langstidsperioden	46
6.3.4 Tiltak i 2018	47
6.3.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	49
6.3.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	49
6.3.7 Oversikt over personalressursar	50
<b>6.4 Stab</b>	<b>51</b>
6.4.1 Status og utfordringar	51
6.4.2 Omstilling	53
6.4.3 Mål for langtidsperioden	53
6.4.4 Tiltak i 2018	53
6.4.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	54
6.4.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	54
6.4.7 Oversikt over personalressursar	55
<b>7 Kommunen som arbeidsgjevar</b>	<b>56</b>
7.1 Status og utfordringar	56
7.2 Mål for langtidsperioden	59
7.3 Tiltak i 2018	59
<b>8 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2018</b>	<b>60</b>
8.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering	60
8.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale	61
8.3 Trafikksikringsplan	71
8.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemedlar	72
<b>9 Brukarundersøkingar og planstrategi</b>	<b>76</b>
9.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	76
9.2 Kommunale planar (Planstrategi 2015-2019 – status)	76
9.3 Interkommunale samarbeid	78
<b>10 Framlegg til vedtak</b>	<b>80</b>
<b>11 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta</b>	<b>81</b>

# 1 Samandrag

Timeplanen 2018-2021 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging. Planen er knytt direkte til samfunnssdelen i kommuneplanen jf. kap. 3. Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Rådmannen sitt forslag til Timeplan for 2018-2021 viser kva tiltak, langsiktige mål og økonomiske prioriteringar rådmannen meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. «Omstillingsprosjekt 2017» som vart vedtatt i gjeldande økonomiplan er gjennomført og resultata er ein kostnadsreduksjon på 13 millionar kroner i 2018 og 18 millionar årleg frå 2019. Omstillinga er innarbeidd i dette planforslaget. Forslaget for 2018-2021 vert nå lagt fram for dei folkevalde til endeleg godkjenning.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilbodet til kommunen, går fram av Årsrapport 2016, Statistikkrapport 2016 og tertialrapportar for 2017.

Sør-Vestlandet er fortsatt prega av nedgangen i oljesektoren. Arbeidsløysa er noko redusert, men fortsatt godt over det som har vore vanleg på desse kantar og også den høgaste arbeidsløysa i landet. Me merkar ei meir positiv forventning til framtida nå enn for eitt år sidan. Me forventar ei gradvis forbetring som nok vil ta noko tid og me forventar ikkje å koma på det høge aktivitetsnivået me hadde før oljenedgangen – i alle fall ikkje på mange år.

Talet på arbeidsinnvandrarar som kjem til regionen vår er historisk lågt og fleire flyttar tilbake til heimlandet. Frå å planlegga for stor vekst må mange kommunar nå omstilla seg til ein situasjon utan særleg folkevekst eller netto utflytting. Dette påverkar òg talet på barn i barnehage og skule, og får igjen konsekvensar for planlagde skular og barnehagar.

Situasjonen i arbeidsmarknaden og eit auka mottak av flyktningar er medverkande til høge sosialhjelpsutgifter. Det er ein forventa nedgang i åra som kjem både som følgje av betra arbeidsmarknad og redusert busetting av flyktningar.

Ein av føresetnadane for omstillinga er auka digitalisering av verktøy og tenester. Digitalisering er og vil vera eit viktig satsingsområde i planperioden. Ny plan for digitalisering og deltaking i interkommunalt digitaliseringssamarbeid er verktøy for arbeidet.

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt til grunn innføring av auka pedagognorm og ny bemanningsnorm i barnehagane frå hausten 2018. Dette til tross for at høyringsfristen for forslaga var dagen etter framlegginga av statsbudsjettet. Tiltaka er kostnadskrevjande og berre endringa i pedagognorma er finansiert med statlege tilskot. I økonomiplanen har me innarbeidd tiltaka i tråd med regjeringa sitt forslag.

Årets økonomiplan er prega av at kommunen tilpassar drift til økonomiske rammer. Samtidig aukar kvaliteten i tenester til barn- og unge.

## **Største satsingsområde 2018-2021**

Dei største satsingsområda i driftsbudsjettet for denne planperioden er:

### *Auka kapasitet*

- 184 nye skuleelevar

### *Førebygging og tidleg innsats*

- Auka lærartettleik 1.- 4. trinn med 6,9 årsverk
- Auka pedagogtettleik i barnehage
- Auka bemanning i barnehage
- Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta
- Innføra arbeidslivsfag ved alle ungdomsskulane
- Styrke fysioterapitenesta
- Effektivisera omsorgstenestene ved hjelp av velferdsteknologi

### *Andre nye driftstiltak*

- Nettbrett til alle elevar
- Årleg opptrapping av tilskotsordninga til interkommunalt brannvern
- Drift av Foren burettslag
- Ny kino i Bryne torgsenter
- 2 nye lærlingar
- Setta i verk tiltak i omstillingsprosjektet
- Interkommunal legevakt – auka kostnadar

## **Investeringar 2018-2021**

Kommunen investerer for 744 millionar kroner i planperioden (jf. kap. 8). Dette er ein reduksjon på 60 millionar kroner i forhold til førre økonomiplan. Investeringane vert mellom anna finansierte med nye låneopptak på 360 millionar kroner mot 385 millionar i førre planperiode.

### *Dei største investeringsprosjekta er:*

- Nybygg og utviding av Trollongane barnehage
- Byggja ny ungdomsskule og fleir brukshall saman med Klepp i Vardheia
- Rehabilitera Time vidaregåande skule til bruk for kommunale formål frå hausten 2018
- Byggja/kjøpa fleire kommunale utleigebustadar
- Kjøpa nytt kinoteknisk utstyr i ny kinosal på Bryne
- Ny symjehall på Bryne
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Sluttføra igangsett oppgraderingstiltak på begge sider langs Mølledammen i Bryne sentrum
- Gjera om Storgata til gågate og oppgradera gata

# 2 Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjorde og vurderte.

## 2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk økonomi har dei siste åra vore prega av oljeprisnedgangen. Mange arbeidstakrarar har mista ein godt betalt jobb i oljesektoren. Dette har først og fremst ramma sør- og vestlandet og spesielt i Stavangerregionen. Arbeidsløysa var på det høgaste 3,4 % på for heile landet og 5 % for Stavangerregionen.

Regjeringa meiner nå at norsk økonomi er ute av konjunkturedgangen og at pilene for norsk økonomi igjen peikar oppover. Oppsvinget har kome raskare enn venta. Låge renter, låg lønnsvekst og svak valutakurs har stimulert til investeringar og høgare eksport. Regjeringa har også ført ein ekspansiv finanspolitikk ved å setja i gang mange investeringsprosjekt og gjeve stimuleringspakkar til dei mest utsette kommunane. Veksten i Europa er også sterkare enn venta og stimulerer til auka eksport. Arbeidsmarkanden er i betring og arbeidsløysa er nå på 2,6 % for landet og 3,4 % i Stavangerregionen.

Regjeringa vil nå normalisera bruken av finanspolitiske verkemidlar og veksten i bruken av oljepengar i norsk økonomi vert redusert framover.

Fremdeles heng vår region etter i den nasjonale økonomiske utviklinga. Rett nok er arbeidsløysa redusert, men ho er fortsatt historisk høg for vårt område. Mange arbeidsledige har fått ny jobb, men me ser av skatteinntektene at dei nye jobbane ikkje er betalte like godt som oljejobbane. Skatteinntektene for kommunane samla viser ein god vekst både i 2016 og 2017 medan kommunane i Stavangerregionen har nedgang i skatteinntekter.

Sjølv om regjeringa meiner at krisa for norsk økonomi er over er det nok litt for tidleg for vårt område. Eit teikn på at det ikkje har snudd er fortsatt nedgang i bustadprisane og få nye bustadprosjekt vert selde. Om dei ikkje vert selde vil bustadbygginga bremsa kraftig igjen og det vil igjen føra til auka arbeidsløyse. Dette er eit problem som me også ser på landsbasis nå.

## 2.2 Folketalsutvikling

Historiske tal for perioden 2013-2016 viser at gjennomsnittleg årleg vekst for Time ligg på om lag 1,7 %. Veksten frå 2015 til 2016 var berre på 0,45 %.

Bustadbyggeprogrammet for dei første åra i planperioden, er nedjustert etter skjønn då me ikkje forventar at alle dei planlagde prosjekta vert gjennomførde i takt med tidlegare planar. Mange godkjente prosjekt vert utsette som følge av marknadssituasjonen.

Framskrivninga tar utgangspunkt i nedjustert bustadbyggeprogram for perioden 2017-2029, kor mange personar som bur i ulike bustadkategoriar, fødsels- og dødsrate. Me har basert oss på høge fødselsrater, høgare enn snittet for Rogaland og landet. Folketalet 01.01.2017 er brukt som basis for framskrivninga.

Landet var gjennom ein økonomisk nedtur i 2008. Då vart planlagde bustadprosjekt utsette, men når så konjunkturane snudde kom mange prosjekt på ein gong. Dette resulterte i ein folkevekst i 2012 på 4 %. Denne effekten kan me få igjen, men me har likevel lagt til grunn ei jamn utvikling.




Alder	Pr. 31.12 2016	Framskriving				Auke i % 2016-2021	Auke i % 2016-2029
		2017	2021	2025	2029		
0-2 år	804	790	823	888	947	2,4 %	17,8 %
3-5 år	864	856	837	886	947	-3,1 %	9,6 %
6-12 år	1 885	1 940	2 043	2 049	2 141	8,4 %	13,6 %
13-15 år	722	712	802	903	875	11,1 %	21,2 %
<b>Sum 0-15 år</b>	<b>4 275</b>	<b>4 298</b>	<b>4 506</b>	<b>4 726</b>	<b>4 911</b>	<b>5,4 %</b>	<b>14,9 %</b>
16-19 år	994	1 002	953	1 094	1 191	-4,1 %	19,8 %
20-66 år	11 277	11 333	11 770	12 484	13 217	4,4 %	17,2 %
<b>Sum 16-66 år</b>	<b>12 271</b>	<b>12 335</b>	<b>12 723</b>	<b>13 578</b>	<b>14 408</b>	<b>3,7 %</b>	<b>17,4 %</b>
67-79 år	1 517	1 561	1 871	2 132	2 291	23,3 %	51,1 %
80-89 år	497	513	577	731	917	16,2 %	84,6 %
90 år og over	96	106	131	157	189	37,0 %	96,5 %
<b>Sum 67 år +</b>	<b>2 110</b>	<b>2 180</b>	<b>2 580</b>	<b>3 020</b>	<b>3 397</b>	<b>22,3 %</b>	<b>61,0 %</b>
<b>Sum</b>	<b>18 656</b>	<b>18 813</b>	<b>19 808</b>	<b>21 323</b>	<b>22 716</b>	<b>6,2 %</b>	<b>21,8 %</b>

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Basert på desse føresetnadane veks folketalet i Time med 6,2 % fram til 2021 og med 21,8 % fram til 2029. Framskrivinga i Økonomiplan 2016-2019 viste eit folketal på 24 935 ved utgangen av 2027 – ein vekst på 36,2 % for framskrivningsperioden. Forventningane til folkevekst er dermed redusert betydeleg dei to siste åra.

Sterk vekst i 0-2 års gruppa i perioden skuldast høge fødselstal. Det er usikkert om fødselstala i Time vil fortsetta på eit så høgt nivå når desse viser nedgang i resten av landet. Høge fødselstal gjev utslag først i barnehagen og deretter i skulen.

Den største veksten får me i aldersgruppa over 67 år. Eldrebølgja for Time kommune kjem først etter denne økonomiplanperioden. Fram mot 2029 vil eldre over 80 år auka med 86 %, noko som er langt over forventa folkevekst i kommunen.



<b>Tettstadar</b>	<b>pr. 31.12 2016</b>	<b>Framskriving</b>				<b>Auke i % 2016-2029</b>
		<b>2017</b>	<b>2021</b>	<b>2025</b>	<b>2 029</b>	
Bryne	10 482	10 626	11 486	12 474	13 161	25,6 %
Kvernaland	3 564	3 561	3 666	4 190	4 792	34,4 %
Lyefjell 1)	2 768	2 789	2 859	2 897	2 968	7,2 %
Undheim	1 185	1 180	1 147	1 119	1 150	-3,0 %
Hognestad	657	658	651	643	645	-1,8 %
<b>Sum</b>	<b>18 656</b>	<b>18 813</b>	<b>19 808</b>	<b>21 323</b>	<b>22 716</b>	<b>21,8 %</b>

1) Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

I tabellen ovanfor ser me kor veksten i kommunen kjem. Det er store planar på Kvernaland og sjølv om me har nedjustert desse, kjem me fortsatt ut med sterk vekst. Ein vekst som nesten ikkje er justert sidan førre framskriving.

I Bryne forventar me nå ein vekst på 25,6 % fram mot 2029. I økonomiplan 2016-2019 forventa me ein vekst på 48,2 % fram til 2027 og at folketalet då skulle vera over 15 000.

Lyefjell har fått veksten justert opp frå sist framskriving og ligg nå på 7,2 % vekst fram mot 2029.

Kommunen har store utbyggingsområde på Lyefjell, Kvernaland og Bryne. I tillegg kjem store transformasjonsområde på Bryne og Kvernaland. Kor tid desse vert tekne i bruk til bustadbygging er usikkert og framskrivinga vert endå meir usikker i siste del av perioden.

# 3 Lokalsamfunnet Time

Økonomiplanen er handlingsplanen til kommuneplanen sin samfunnsdel. I dette kapitlet går det fram korleis kommunen skal arbeida i perioden 2018-2021 for å oppfylla måla i samfunnsdelen. Langtidsmåla i kapittel 3 vert følgd opp med tiltak under dei ulike områda i kapittel 6.



## 3.1 Samfunnsutvikling

Time kommune skal vera eit smart lokalsamfunn med Bryne som regionssenter og smart by. «Smarte byar og lokalsamfunn» er ei strategisk tilnærming til by- og samfunnsutvikling. Målet er å sikra bærekraft, livskvalitet og tiltrekkingeskraft.

Samskaping med innbyggjarinvolvering og partnarskap med næringsliv og forsking for å utvikla nye, betre og meir effektive løysingar, er sentralt i smarte lokalsamfunn. Informasjonsteknologi, «Internet of Things» (IoT), opne data og velferdsteknologi er viktige verktøy i det smarte samfunnet.

### Arealforvaltning

Landbruksareala på Jæren og i Time er blant dei beste i landet og strategisk viktig for å sikra matforsyning både lokalt og nasjonalt. For å ta vare på landbruksjorda og samtidig leggja til rette for vekst må me byggja tettare. Eksisterande tettstadar, næringsområde og nye areal må ha høg utbyggingstettleik.

Det er eit mål for kommunen å sikra at alle innbyggjarane har enkel og trygg tilgang til turområde med maksimum 500 meter frå bustad til større rekreasjonsområde. For å betra moglegheita for ferdsel mellom tettstadane og sentrum er det viktig å leggja til rette for kollektivtransport og gang- og sykkelvegar.

### Næringsutvikling

Næringslivet i kommunen er mangfaldig og variert. Næringsutviklingsarbeidet i Time kommune tar først og fremst utgangspunkt i bedriftene sine behov, men vil også arbeida aktivt for å fremja kommunen som attraktiv stad for etablering av nye verksemder. Gjennom aktiv dialog og føreseielege rammevilkår vil kommunen bidra til å ta vare på og å utvikla eit brent næringsliv.

Næringstomter er eit verkemiddel for å auka næringsaktiviteten i kommunen. Kommunen har ikkje lenger ledig næringsareal for sal, men det finnes private næringstomter. Dersom kommunen ønskjer å fortsatt ha næringstomter for sal, må nye område kjøpast og etablerast. Fortetting og omforming av gamle næringsområde kan også vurderast.

Lokalt næringsliv kan få nye moglegheiter for produktutvikling gjennom partnarskap med kommunen om smarte løysingar, gjerne ved hjelp av innovative innkjøp.

Time ønskjer å redusera talet som pendlar ut frå kommunen ved å leggja til rette for og vera ein pådrivar for etablering av nye arbeidsplassar. Særleg vil kommunen vektlegga auke i arbeidsintensiv verksemd nær kollektivknutepunktet og handels- og serviceaktivitetar i bysentrum.

Smartkommunesatsinga krev samskaping, der behov vert vurderte og løysingar skapte i samarbeid mellom kommune, innbyggjarar og næringsliv. Eit mål er at det kan skapast nye, smarte produkt som kan møta behov både lokalt og i større målestokk.

## **Kunnskapsutvikling**

Den teknologiske utviklinga har endra mønsteret for korleis me samhandlar og tileignar oss kunnskap. Investering i innbyggjarane sin kunnskap og kompetanse er eit viktig grunnlag for framtidig verdiskaping.

Kommunen legg til rette for livslang læring slik at menneske i ulike aldrar kan utvikla kompetansen sin til beste for lokalsamfunnet. Læringsløpet frå barnehage via grunnskule og vidaregåande skule til fagarbeidar eller vidare utdanning, utviklar menneske med læringslyst, kreativitet, kunnskap og innovasjonsevne.

«Mental drop-out», det at elevar meldar seg ut mentalt frå undervisninga i ungdomskulen, er eit problem som ikkje kjem fram i statestikkane og dermed ikkje har fått det fokuset det burde ha fått. Kommunen må søka samarbeid om nye løysingar som reduserer fråfallet og som sikrar at ungdom tileignar seg grunnleggjande kunnskap.

Det er ei utfordring at mange vaksne ikkje har ei tilstrekkeleg formell kompetanse. Livslang læring er ei føresetnad for å kunna delta aktivt i arbeids- og samfunnslivet. Det er viktig å leggja til rette for at så mange som råd kan få tilgang til opplæring og teknologi.

Time vil leggja til rette for smarte prosjekt som aukar det generelle kunnskapsnivået i lokalsamfunnet.

## **Helse- og livskvalitet**

Dei store framtidige helseutfordringane er at me får stadig fleire eldre, befolkninga vert stadig mindre aktiv og fleire vert ståande utanfor dei sosiale fellesskapene.

Tidleg innsats for å møta desse utfordringane starter i møte med barn, unge og deira familie. Førebygging og tiltak som kjem alle barn, unge og vaksne til gode må prioriterast høgare.

Kommunen må leggja til rette slik at det er enkelt for innbyggjarane å velja å vera i fysisk aktivitet og delta i sosiale fellesskap.

## **Energi- og klimautfordringar**

Dei framtidige miljøutfordringane for samfunnet vårt er å gje innbyggjarane sikker tilgang på rein mat, reint vatn, rein luft og trygg infrastruktur. Konsekvensar av klimaendringane er allereie merkbare i lokalmiljøet og det er nå me må ta rette val for framtida.

Innbyggjarar, næringsliv og kommunen må i samarbeid sjå moglegheiter og ta i bruk smarte løysingar for å redusera miljøutfordringane i framtida.

Meir og kraftigare nedbør gjev auka risiko for flaum og overvatn. Overvasshandtering og beredskap er høgt prioriterte tema ved utarbeiding og revisjon av kommunale planar.

## **3.2 Time for alle**

### **Deltaking og aktivitet**

For å leggja til rette for eit inkluderande samfunn er det viktig at alle kan delta og bidra med sine ressursar i fellesskapet. Møteplassar, transport og offentlege tenester skal vera tilgjengelege for alle.

For å redusera utanforskap er viktige satsingsområde å inkludera barn frå fattige familiarar, sosialhjelpsmottakarar og innvandrarar i frivillige lag og organisasjonar, samfunns- og arbeidsliv.

Lokaldemokratiet er avhengig av at alle kan delta ut frå ulike føresetnader. Klart språk i alle kommunale dokument og tidleg involvering av innbyggjarar, næringsliv og tenestemottakarar i planlegging og utvikling bidreg til brei deltaking og samskaping.



### **Integrering og mangfold**

Mangfold er ein ressurs for kommunen og ei kjelde til positiv samfunnsutvikling. Kompetansen og erfaringane som flyktingar og innvandrarar har med seg må synleggjerast og tas i bruk. For å få til ei god integrering er kvalifisering til arbeid og utdanning og deltaking i frivillige lag og organisasjonar sentralt.

## **3.3 Trygg i nærmiljøet**

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Det er viktig for innbyggjarane sin tryggleik at kommunen arbeider systematisk og langsigktig for å førebyggja og redusera konsekvensar av uønska hendingar. Oppdaterte risiko- og sårbarheitsvurderingar, regelmessig opplæring, øvingar og samarbeid med andre beredskapsorganisasjonar legg eit godt grunnlag for at kommunen skal vera i stand til å handtera ulike krisessituasjonar.

### **Kriminalitetsførebygging**

Kriminalitetsførebygging handlar om å arbeida systematisk for å unngå kriminalitet i staden for å reparera. Det handlar om å analysera kor og korleis problematisk åtferd og kriminalitet oppstår, for å setja inn konkrete tiltak retta mot årsakene til problema. Innsatsen må vera mangfoldig og rettas mot både sosiale miljø, enkeltpersonar og dei fysiske omgjevnadene.

Time kommune sin handlingsplan for SLT-arbeidet 2018-2022 skal gje retning, rammer og tiltak for kriminalitetsførebygginga i kommunen framover.

### **Trafikktryggleik**

Alle skal kunna bevega seg trygt i nærmiljøet sitt som fotgjengar, syklist eller bilist. Kommunen sitt arbeid med trafikktryggleik er avgjerande for å nå måla om at ein ikkje skal ha ulykker med drepne eller hardt skadde i trafikken. Fysiske tiltak og halldningsskapande arbeid er prioriterte satsingsområde i kommunen sin trafikksikringsplan.

### **Velferdstenester**

Nye behov, krav og forventningar frå innbyggjarar og staten gjer at kommuneorganisasjonen må omstilla og tilpassa seg. Time vil halda fram med arbeidet med å utvikla gode og robuste helsetenester saman med jærkommunane, Helse Stavanger og frivillig sektor.

Gjennom regelmessige brukarundersøkingar får kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Resultat av undersøkingane må brukast til kontinuerleg forbetring av tenestetilbodet.

## 3.4 Førebygging og tidleg innsats

God helse, medbestemming i og ansvar for eige liv er viktige faktorar for å oppleva livskvalitet. For å fremja god helse i befolkninga må me finna gode løysingar på utfordringar som utanforskap, einsemd og inaktivitet.

Førebygging kan vera store og breie samfunnsbyggjande tiltak som retter seg mot heile befolkninga, eller tiltak retta mot risikogrupper, med mål om å hindra uønska utvikling.

Gjennom gode oppvekstvilkår legg kommunen til rette for at alle barn vert sett, forstått og respektert. Trygge skular, barnehagar og fritidstilbod, gode vennar og fungerande familiar er viktige førebyggjande faktorar.

Tidleg innsats handlar også om å setja inn tiltak tidleg der det vert oppdaga at innbyggjarar eller grupper av innbyggjarar er i risiko. For å få dette til krevst det kunnskap og samhandlingskompetanse på alle tenestenivå i kommunen.

For vaksne og eldre er målet med førebygging å redusera skade, inaktivitet og einsemd. Tiltak kan vera arbeid og opplæring, kulturtilbod og møteplassar, tilgjengelege tur- og rekreasjonsområde og tilrettelagte bustadar.

### Folkehelse

Tiltak som kjem alle innbyggjarane til gode er god folkehelsepolitikk. For at helsetilstanden skal vera god når levealderen stig, må kommunen leggja til rette for at det skal vera lett å ta val som gjev god helse.

Time kommune har utfordringar på områda arbeidsløyse, fråfall i vidaregåande skule, uførheit blant unge og aukande del av barn i fattige familiarer. Dette er forhold som påverkar helse- og livskvalitet i eit livsløsperspektiv. Det er viktig å setja inn tiltak som kan redusera utfordringane i kommunen og fremja den generelle folkehelsa.

## 3.5 Kultur og trivsel

Kultur har innverknad på kor attraktiv kommunen er å bu, arbeida og driva næring i. Kommunen har mange kulturaktivitetar og arrangement. Frivillige lag og organisasjonar utgjer ein stor ressurs. Det er viktig å byggja opp under og leggja til rette for fritidsaktivitetar i nærmiljøa.

## 3.6 Bryne – byen vår

Bryne skal vera ein attraktiv by å besøkja, leva i og investera i. Som regionsenter på Jæren skal tilbodet på Bryne møta behova til innbyggjarane i regionen.

Byutvikling skjer i eit nært samarbeid mellom kommune, næringsliv, organisasjonar og innbyggjarar. Byen skal utviklast med gode løysingar for fotgjengrar, syklistar og bilar. Nye forpliktande samarbeidsmodeller for å styrka sentrumsaktivitetar skal utviklast.

Byen veks og det er viktig å leggja til rette for parkering, gode møteplassar og eit attraktivt sentrum. Samskaping mellom innbyggjarar, næringsdrivande og grunneigarar er viktig for å utvikla nye løysingar som gjer byen attraktiv.

## 3.7 Kommuneorganisasjonen

Time kommune skal tilpassa drifta til nye rammebetingelsar og nye forventningar frå brukarane gjennom omstilling. Me nyttar innovasjonsmetoden (behov, løysing og testing) for å finna rette løysing for brukarane. Innovasjon og omstilling skal bidra til at me leverer rett teneste.

Digitalisering er satsingsfelt no og framover. Digitalisering skal gje brukaren nye og betre tilpassa tenester som kan møta nye krav og behov. Det skal samtidig frigjera ressursar som kan nyttast til andre behov. Innføring av nye saksbehandlings- og arbeidsprosessar i heile organisasjonen vil vera nødvendig for å få effekt av digitaliseringa.

I Time kommune vil nye arbeidstidsordningar tilpassa brukarane sitt behov føra til at dei fleste tilsette skal jobba i heiltidsstillingar.

Time deltek i 29 ulike selskap og interkommunale samarbeidsordningar. Av desse er fire aksjeselskap, tre interkommunale selskap, sju er vertskommunesamarbeid, eitt er interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommuneloven og 14 er andre interkommunale samarbeid etter privatrettslege avtalar. Også i framtida må mange av dei kommunale oppgåvene løysast gjennom regionalt og interkommunalt samarbeid. Me vil alltid ha eit kritisk blick på alle interkommunale samarbeid for å sikre at dei er føremålstenelege for Time.

## 3.8 Mål for langtidsperioden

### Samfunnsutvikling

- Sikra at arealforvaltninga tek vare på landbruksjorda og behov for tur- og rekreasjonsområde i revidert arealdel
- Sikra god tilgang til på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting
- Leggja til rette for tilgang på bustad- og næringsareal
- Delta i lokale, regionale og internasjonale nettverk som gjev betre tenester
- Prioritera tiltak som gjer det enkelt for innbyggjarane å velja fysisk aktivitet og sosiale fellesskap
- Auka engasjementet i klima- og energispørsmålet gjennom haldningsskapande arbeid

### Time for alle

- Invitera alle barn, unge, innvandrarar og sosialt vanskelegstilte til dialog om sentrale tema i lokalpolitikken
- Setja i verk kvalifisering andre tiltak som gjer at arbeidsledige og flyktningar får bruk kompetanse og arbeidsevne
- Informasjon frå kommunen skal vera tilgjengeleg for alle med eit klart språk

### Trygg i nærmiljøet

- Ha oppdaterte risiko- og tryggleiksanalysar og gjennomföra beredskapsøvingar
- Følgja opp trafikksikringsplanen med fysiske og handlingsskapande tiltak

## **Førebygging og tidleg innsats**

- Styrkja dei breie samfunnsbyggjande tenestene som retter seg mot alle barn, unge, vaksne og eldre
- Redusera arbeidsløyse, fråfall i vidaregåande opplæring og uførheit blant unge gjennom tverrfagleg samarbeid i kommunen, og med private og offentlege aktørar

## **Kultur og trivsel**

- Sikra tilrettelegging for kultur- og fritidsaktivitetar i nærmiljøet som møter ulike interesser og aldersgrupper
- Utvikla ny kino og eige kulturhus som regionale institusjonar

## **Bryne – byen vår**

- Utvikla Bryne sentrum med gågate
- Sikre ei framtidsretta parkeringsløyse

## **Kommuneorganisasjonen**

- Implementera nye arbeidstidsordingar som fremmar heiltidskultur
- Digitalisera og omstilla kommuneorganisasjonen
- Gjennomgå interkommunale samarbeid og implementera nye rutinar

# 4 Økonomi

Når rådmannen utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventa pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneopposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2018-prisar og endringar frå 2018 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.



Økonomiplanen byggjer elles på føresetnader i vedtekne styringsdokument som kommuneplan 2011-2022, ny samfunnsdel av kommuneplan 2016-2026, økonomiplan 2017-2020, årsrapport 2016, tertialrapportar i 2017 og andre politiske vedtak i løpet av året.

## 4.1 Statsbudsjettet 2018

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2018 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prioriteringane er som ifor:

- Levande lokaldemokrati
- Ein enklare kvardag for folk flest
- Eit sterke sosialt sikkerhetsnett

Regjeringa meiner at ei viktig føresetnad for levande lokaldemokrati er å spre makt og byggje samfunnet nedanfrå. Kommunar og lokalsamfunn skal få meir rom for å styre saker som vedkjem dei sjøl og deira samfunnsutvikling

Regjeringa legg opp til slik vekst i kommune sine frie inntektsrammer for 2018:

Vekst i frie inntekter	Mrd. kroner
- meirkostnad demografi	3,8
- meirkostnad pensjon	-2,2
- Tidleg innsats barnehage og skule	-0,3
- opptrapping rus	-0,2
- førebyggjande tiltak barn, unge og familiar	-0,3
- øyremerka til fylkeskommunane	-0,2
- auka eigenandel ressurskrevjande tenester	-0,3
<b>Auka handlingsrom utan effektiviseringskrav</b>	<b>0,1</b>
+ Effektiviseringskrav på 0,5 %	1,2
<b>Auka handlingsramme med effektiviseringskrav</b>	<b>1,3</b>

I framlegget til statsbudsjett for 2017 framheva regjeringa kor viktig det var med statleg rammostyring og å overlate til lokale styresmakter å føreta prioriteringar. Regjeringa innfører i dette budsjettet nye normer for pedagogitetthet og bemanning i barnehagane. Innføring av ny norm for pedagogitetthet blir delvis finansiert med auka rammetilskot. Innføringa av ny bemanningsnorm blir derimot ikkje finansiert då dette ikkje koster noko når me ser på gjennomsnittet av norske kommunar. For Time kommunen betyr det at kommunen når dette er fullt innført må bruke 4 millionar kroner til barnehage – midlar som i dag blir brukt til andre tenester.

Det er i statsbudsjettet føreslått å auka communal eigenandel for ressurskrevjande brukarar og med dette vil staten spare 340 millionar kroner. Time kommune vil få ein auka kostnad på om lag 1,3 millionar kroner om dette forslaget blir vedtatt.

## 4.2 Rammer og føresetnader

Tabellen nedanfor viser oversikten over inntekter, utgifter og netto driftsresultat for perioden 2016-2021.

(Alle beløp i mill. kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2017-2018
	2016	2017	2 018	2 019	2 020	2 021	
Skatteinntekter	534,0	551,8	564,7	572,0	578,0	580,6	2,3 %
Rammetilskot	411,4	410,1	423,7	438,5	446,7	454,9	3,3 %
Andre driftsinntekter	370,9	279,1	297,2	288,4	284,0	281,3	6,5 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 316,3</b>	<b>1 241,0</b>	<b>1 285,6</b>	<b>1 298,9</b>	<b>1 308,7</b>	<b>1 316,8</b>	3,6 %
<b>Driftsutgifter</b>	<b>-1 234,7</b>	<b>-1 196,5</b>	<b>-1 243,4</b>	<b>-1 249,2</b>	<b>-1 255,1</b>	<b>-1 259,5</b>	<b>3,9 %</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>81,6</b>	<b>44,5</b>	<b>42,2</b>	<b>49,7</b>	<b>53,6</b>	<b>57,3</b>	
Finansutgifter	-23,1	-26,3	-23,8	-24,0	-25,8	-26,8	-9,5 %
Finansinntekter	37,5	38,4	38,7	40,6	41,5	43,0	0,8 %
Netto avdragsutgifter	-37,7	-43,3	-49,6	-52,4	-55,0	-59,0	14,5 %
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>58,3</b>	<b>13,3</b>	<b>7,5</b>	<b>13,9</b>	<b>14,3</b>	<b>14,5</b>	<b>-43,6 %</b>
Netto fondsbruk	-12,9	-0,7	7,3	1,3	1,0	1,0	
<b>Overført til investeringar</b>	<b>-20,7</b>	<b>-12,6</b>	<b>-14,8</b>	<b>-15,2</b>	<b>-15,3</b>	<b>-15,5</b>	<b>17,5 %</b>
Årsoverskot	24,7	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	
<b>Overført til investering i % av skatt og rammetilskot</b>	<b>2,2 %</b>	<b>1,3 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>1,5 %</b>	
<b>Netto driftsresultat i % av driftsinntektene</b>	<b>4,4 %</b>	<b>1,1 %</b>	<b>0,6 %</b>	<b>1,1 %</b>	<b>1,1 %</b>	<b>1,1 %</b>	

I vedlegg til økonomiplanen i kapittel 11, følger obligatoriske oversikter.

### 4.2.1 Inntektsføresetnader

#### Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringer utgjer kommunen sine frie inntekter. Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål.. Skatt og rammetilskot er justert med forventa lønns-, pris- og folkevekst. Me føresett at arbeidsløysa vil gå ytterlegare ned slik at skatteveksten vert høgare enn resten av landet. Skatteinngangen er budsjettert til 100 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar noko som er ein reduksjon på 1,8 % samanlikna med 2017-budsjettet. Skatteinnbetalingane i Time så langt i 2017 ligg på 97,5 % av landsgjennomsnittet, men skattetrekket viser fin utvikling i år. Basert på utvikling i 2017, ser det ut som det tar lang tid å koma opp i inntektsnivå som kommunen hadde før oljenedturen. Kommunen hadde på topp ein skatteinngang per innbyggjar på 106 % av landsgjennomsnittet,

Veksttilskotet som i 2016 var på 15,1 millionar kroner, vart halvert i 2017 og er heilt borte frå 2018.

#### Andre inntekter

Av andre inntekter kjem 51,2 millionar kroner frå brukarbetaling og 53,6 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av tenester. Satsane for 2018 er prisjusterte.

Kommunale gebyr for sjølvkosttenestene feing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 59,7 millionar kroner.

Ulike øyremerka statstilskot utgjer 102,3 millionar kroner i inntekt for 2018. Dei største inntektene gjeld ressurskrevjande tenester på 49,1 millionar kroner, integreringstilskot til flyktningar på 27 millionar kroner og 4,8 millionar kroner til styrking av lærartetthet på 1.- 4. trinn. I statstilskotet inngår også rente- og avdragkompensasjon for tidlegare investeringar i skule og omsorg på 4,4 millionar kroner. Resten er fordelt på mange små postar. Integreringstilskotet er trappa ned med 10 millionar i perioden då kommunen nå forventar nedgang i busettinga.



Kommunen har ansvar for utføring av interkommunale tenester slik at betaling frå samarbeidande kommunar er budsjettert til 21,7 millionar kroner.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemد i kommunen. Verdien vert likevel inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Inntektene av kommunen sine justeringsrettsavtalar med private utbyggjarar er også førtane her.

### **Finansinntekter**

Det er budsjettert med eit rentenivå på 1,6 % i 2018 og 2019 og 1,8 % frå 2020. Dei same føresetnadane er også brukte på finansutgiftene.

Utbytte frå Lyse er budsjettert til 29,3 millionar kroner i 2018 og aukande til 35 millionar kroner i 2021 i samsvar med selskapet sine signal om utbytteforventningar framover.

Kommunen har ved utgangen av august 2017 plassert 12,4 millionar i aksjar og obligasjonar for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

### **4.2.2 Utgiftsføresetnadar**

#### **Lønns- og prisutvikling**

Kalkulert prisvekst på kommunale tenester er, som i statsbudsjettet, sett til 2,6 % frå 2017 til 2018. Lønnsveksten er forventa å vera på 3 % mot 2,4 % i 2017. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

#### **Pensjonskostnadar**

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordningane. I 2017 har me budsjettert med 12,25 % for lærarar, 18 % for sjukepleiarar og 16,5 % for andre kommunalt tilsette. Dei tilsette betalar 2 % av denne kostnaden. Det er budsjettert med bruk av 7,9 millionar kroner i premiefondet kvart år. Premiefondet er ved utgangen av september på 23,4 millionar kroner.

#### **Tilskot til private barnehagar**

Tilskotet for 2018 til private barnehagar er basert på rekneskapen for 2016 og justert med forventa prisvekst for to år. Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsane som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 3-5 åringer og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar.

I tillegg til dette er det i tilskotet for 2018 rekna inn kompensasjon for auka pedagogettleik, noko som er finansiert over rammetilskotet, og frå 2019 kompensasjon for innføring av ny minstenorm til bemanning.

## **Finansutgifter**

Me har sikra renta for om lag 50 % av kommunen sine lån og budsjetterer dermed med høgare rente enn dagens rentenivå. Sjå omtale under avsnittet om finansinntekter.

Låneopptaket til investeringar vert nedbetalt på 30 år medan låneopptak til vidareutlån (startlån) vert nedbetalt over 20 år. Kortare nedbetalingstid på vidareutlån er på grunn av store ekstraordinære innfriingar kvart år.

## **Lønnsreserve**

Det er for 2018 sett av 17,5 millionar kroner i lønnsreserve. Det er budsjettet med ein årslønnsvekst på 3 % frå 2017 til 2018. Reserven skal dekka lokale forhandlingar i 2017 og neste års lønnsoppgjer.

## **4.3 Nøkkeltal og risikoanalyse**

### **Omprioritering og effektivisering**

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt opp til eit effektiviseringskrav på 0,5 % årleg. Dette utgjer for Time kommune om lag 6 millionar i årlege omprioriteringar og effektivisering. I 2018 må me bruka omprioriterte midlar til dekka auka eigendel for ressurskrevjande brukarar og ny bemanningsnorm i barnehagane.

Økonomiplanen for 2017-2020 vart lagt fram med ei rammesaldering for 2018-2020. Målet med omstillingssprosjektet som vart sett i gang, var å kunna leggja fram ein økonomiplan for 2018-2021 i balanse. Endringsforsлага som var til politisk behandling i september, er lagt inn i budsjettet og balansekravet er nådd.

### **Overføring til investering**

Kommunen har som målsetting å setja av 1,5 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane og det er innarbeidd i planen.

### **Netto driftsresultat**

Me budsjetterer med eit netto driftsresultat på 0,6 % i 2018 og 1,1 % i resten av perioden. Grunnen til lågt driftsresultat i 2018, er bruk av avsette fond på VAR-området.

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Økonomiplan			
			2 018	2 019	2 020	2 021
Nye lån	120,6	302,1	112,6	110,8	152,8	84,2
Avdrag	52,1	53,3	59,6	62,4	65,0	69,0
<b>Brutto gjeld 31.12</b>	<b>1 139,1</b>	<b>1 387,9</b>	<b>1 440,9</b>	<b>1 489,3</b>	<b>1 577,1</b>	<b>1 592,3</b>
Ansvarleg lån Lyse	128,3	122,5	116,7	110,9	105,1	99,3
Husbanklån til utlån	167,2	207,2	222,2	237,2	252,2	267,2
Ubrukte lånemidlar	-1,4					
<b>Netto gjeld 31.12</b>	<b>842,2</b>	<b>1 058,2</b>	<b>1 102,0</b>	<b>1 141,2</b>	<b>1 219,8</b>	<b>1 225,8</b>
Avløp, vassverk, renovasjon	118,2	149,8	178,1	205,0	229,1	247,0
Kompensasjon skulebygg	48,4	43,5	38,6	34,8	33,0	31,2
Eldrereform	30,6	29,0	27,4	25,8	24,2	22,6
Utbrygging næring/bustad	13,8	10,0	5,0	0,0	0,0	0,0
<b>Netto renteberande gjeld 31.12</b>	<b>631,2</b>	<b>825,9</b>	<b>852,9</b>	<b>875,6</b>	<b>933,5</b>	<b>925,0</b>
Folketall 31.12.	18 656	18 850	19 100	19 350	19 500	19 700
Netto gjeld per innbyggjar i kr	45 144	56 722	59 069	59 749	63 039	62 862

Kommunen har høge investeringar i 2017 og netto gjeld per innbyggjar vert før inngangen til ny planperiode på 56 722 kroner. I planperioden fortset auken, men i ein lågare takt. Netto gjeld i forhold til driftsinntekter ved årsskifte 2016/2017 utgjorde 64 %. Netto lånegjeld aukar til 93 % av driftsinntektene mot slutten av perioden. Landsgjennomsnitteleg lånegjeld for kommunane var ved utgangen av 2016 på 60,8% og snittet for Rogaland var på 43 %.

Kommunen planlegg store investeringar i overvasstiltak som skal hindra skadar ved store nedbørsmengder. Kostnadar til overvasstiltak vert finansiert med auka gebyrinntekter. Kommunar med høg lånegjeld er sårbar for renteauke.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap tatt opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (Interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk). Tar me med gjelda til interkommunale og kommunale selskap får Time ein gjeldsgrad på 74,6 %, gjennomsnitt for kommunane i Rogaland 72,9 % og for landet på 79,1 %.

Kommunen har dei siste åra auka utlånsporteføljen ganske mykje. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Sjølv om bustadprisane ikkje lenger er i vekst, har salsverdiane av eigedommar dekka utlåna våre.

Kommunen har budsjettert med store utbytte frå Lyse. Lyse har i dag fleire bein å stå på. Kraftproduksjonen utgjer ein stadig mindre del av selskapet si samla verksemد og kraftprisane er låge. Me har budsjettert med at Lyse utbetalar 500 millionar kroner i utbytte i 2018 og at dette aukar til 600 millionar kroner i 2021. Time sin del av utbytte er 5,832 %.



# 5 Omstilla, fornya og forenkla

## 5.1 Status og utfordringar

Arbeidsløysa i Rogaland ligg fremdeles over landsgjennomsnittet, men Time kommune ligg nå noko under snittet i Rogaland. Kommunen har fortsatt ein stram økonomisk situasjon som gjer det nødvendig å tenka nytt i prioritering av tenesteleveringa. Målet er å levera best moglege tenester til lågast mogleg pris, innanfor sunne økonomiske rammer.

### Organisasjonstilpassing

Dei endra økonomiske vilkåra har gjort det nødvendig for kommunen å omstilla heile organisasjonen. Målet med omstillinga har vore å koma i økonomisk balanse dei komande åra. Dette vil me få til ved å effektivisera drifta, betra samhandlinga, ha meir fokus på tidleg innsats, prioritera nødvendige tenester og å ta i bruk betre verktøy. I 2018 vil me implementera omstillingstiltaka gjennom gode prosessar kor medverknad og involvering er viktig.

Me er fremdeles på veg mot målet om å skapa ein innovasjonskultur kor alle tilsette har eit aktivt forhold til BLT-metoden (Behov, Løysing, Test). Dette er eit arbeid som vil ta tid, og som det er viktig å bruka ressursar på. Me styrker arbeidet med ei innovasjonsgruppe som famnar alle områda i kommunen. Gruppa skal legga til rette for både radikal- og kvardagsinnovasjon, samtidig som ho gjer rettleiing og praktisk hjelp til innovatørar og sørger for at erfaringar og informasjon vert spreidd i organisasjonen. Me fortsett med øyremerka midlar til nye innovasjonsprosjekt.

Den teknologiske utviklinga i samfunnet gjev oss nye utfordringar og moglegeheter i måten me yter tenester til brukarane våre. Time kommune vil leggja vekt på å få til ein saumlaus flyt av informasjon på tvers av systema våre, slik at informasjon berre vert gjeven ein gong. Løysingane skal vera fulldigitalisert frå brukar til fagsystem. Kommunen sine strategiar for digitalisering og Smart-kommune skal vera gode verktøy for å løysa desse utfordringane. Digitalisering av tenestene skal gje ein reell gevinst, som organisasjonen så kan løysa ut i effektivisering.

Organisasjonsstrukturen skal til ei kvar tid vera tilpassa behovet og tenesteleveransen til brukarane. I 2018 skal me implementera nye arbeidstidsordningar i Omsorg noko gjev fleire store stillingar. Ein heiltidskultur kor langt fleire tilsette arbeider i større stillingar vil føra til at tenesteyting betre dekker brukarane sine behov.

Time kommune merkar endå meir nå enn før at endringar i tenestebehovet skjer oftere og fortare. Dette handlar om endringar i rammevilkår, lågare befolkningsvekst, demografisk utvikling, endra brukarbehov, nye brukarar osv. Dette krev høg evne og vilje til endring for tilsette og leiarar. Det vil verta viktigare å få innspel frå brukarar, pårørande og innbyggjarar om korleis tenestane er og bør vera.

## 5.2 Mål for langtidsperioden

- Effektivisera tenestene og henta ut gevinsten
- 80 % av kommunikasjonen med innbyggjarane skal vera digital
- Etablera ein innovasjonskultur i heile organisasjonen
- Involvera innbyggjarane meir i å utvikla tenesteytinga i Time kommune

# 6 Velferdstenester

Den kommunale tenesteproduksjonen er organisert i tre kommunalområde: Oppvekst, Omsorg og Samfunn. Tabellen viser netto ressursfordeling for kommunalområda og stabstenester.

Totalt - alle sektorar Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan			2017-2018
	2016	2017	2018	2019	2020	2021		
Oppvekst	436 578	446 503	449 181	455 958	460 724	465 270	0,6 %	
Omsorg	246 450	261 078	276 530	276 515	278 155	279 129	5,9 %	
Samfunn	182 068	187 257	180 842	177 067	179 485	178 355	-3,4 %	
Stabstenester	64 496	68 175	66 495	66 410	65 445	65 980	-2,5 %	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>929 592</b>	<b>963 013</b>	<b>973 048</b>	<b>975 950</b>	<b>983 809</b>	<b>988 734</b>	<b>1,0 %</b>	

## 6.1 Oppvekst

Tenesteområdet skal gje opplæring og drive førebygging og hjelpe- og støttetiltak slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre. Tenesteområdet omfattar helsestasjon, skulehelsetenesta og familiesenter, barnevern, 9 kommunale barnehagar, 11 private barnehagar og 1 open barnehage, 5 barneskular og 1 1-10 skule med skulefritidsordning (SFO), 3 ungdomsskular, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), kulturskule, Bryne kompetancesenter (språkstasjon, vaksenopplæring) og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT).

### 6.1.1 Status og utfordringar

Oppvekst har fram til nå hatt utfordringar med å tilpassa tenestetilbodet etter folkeveksten og demografiske endringar i aktuelle aldersgrupper. Fødselstala har flata ut og kommunen opplever netto utflytting. Me har hatt store barnekull i barnehagealder som nå kjem i skulealder. Me har derfor ennå noko behov for å auka kapasiteten i skulen i tida framover. Det er nødvendig å finna løysing for skulekapasiteten på Bryne. Dette vil verta omtala i revidert skulebruksplan.

Det er òg ei utfordring å tilpassa talet på barnehageplassar tilsvarende endringane i talet på barn. Dette har ein konsekvens for bemanning ettersom auke gjev høgare kostnadar til personale, medan nedgang gjev tilsvarende reduksjon og ei ekstra utfordring knytt til nedbemanning.

«Strategiplan oppvekst 2016-2022» har fem hovudområde som legg føringar på satsinga i Oppvekst. Eit viktig område for Oppvekst er å tidleg identifisera barn og familiar som har spesielle utfordringar slik at kommunen kan setja inn gode tiltak på rett tidspunkt. Oppvekst har fokus på samarbeid på tvers av einingane for å nytta den samla kompetansen i Time på ein god og ressurseffektiv måte. Det skal også vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vera eit hinder for samhandling.

FNs barnekonvensjon legg føringar for barn og unge sine rettar. Time kommune er med i «Sjumilssteget.» Dette er ei nasjonal satsing retta mot kommunane si oppfølging av FNs barnekonvensjon i planlegging og kvalitetssikring av tenester til barn og unge. Denne satsinga vert òg omtala i målsettingar for dei ulike einingane.



Time kommune har i fleire år hatt fokus på mobbing i skule og barnehage. Denne innsatsen vert auka i komande periode, mellom anna med ei felles satsing på deltaking i det nasjonale prosjektet «inkluderande barnehage og skolemiljø.» Time kommune er tilført ekstra ressursar frå fylkesmannen, saman med Klepp, Hå og Gjesdal kommune. I denne satsinga vil både barnehage- og skuleområdet trekkjast med for å byggja viktig kompetanse og kultur kring barn og unge si psykiske helse og arbeidet mot mobbing.

Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning har gått ned. Dette er ei positiv utvikling som resultat av langsiktig arbeid på skulane om å endra utviklinga frå spesialundervisning til tilpassa opplæring. Arbeidet her vil halda fram og det vert søkt nye vinklinger og samarbeidsformer. Det er hensiktsmessig og nytt a tenesteapparatet i heile bredda og trekka inn mellom anna helsestasjon og PPT i innovasjonsprosjekt der ein finn nye og betre løysingar.

Time har for høgt fråfall av unge i vidaregåande opplæring. Årsakene til fråfall er komplekse, men det må trekkast fram at det er gjort klare funn i eit pågående innovasjonsprosjekt. Dette innovasjonsprosjektet gjer at me nå kan setta inn målretta tiltak for å auka gjennomføringsgrad i vidaregåande skule. Dette rettar seg mot opprettning av arbeidslivsfag som er praktisk retta og ikkje teoritungt. I inneverande økonomiplan byggjer denne satsinga seg opp over to år. Det vil også verta sett i gang nye innovasjonsprosjekt som kan auka gjennomføringsgrad i vidaregåande skule.

## **Barnehage**

Framskrivning av barnehagebehovet i planperioden viser først ein nedgang før ein svak vekst kjem i slutten av perioden. Kommunen vil ha god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

For tida er det i kommunale barnehagar ein ledig kapasitet på om lag 80 plassar, medan private barnehagar hovudsakleg har utnytta kapasiteten.

Når den kommunale barnehagen Trollongane står klar vil kapasiteten auka ytterlegare. Ein meir detaljert oversikt vert lagt fram i barnehagebruksplanen.

I 2018 vil barnehagane arbeida med å implementera ny rammeplan. I satsinga på tidlig innsats og auka kvalitet i barnehagesektoren har Time kommune i kvalitetsplan for barnehagane ei målsetting om at 50 % av bemanninga skal ha ei pedagogisk utdanning innan 2022.

Regjeringa innfører i statsbudsjettet ny norm for pedagogbemanning. Ny norm betyr at om lag 46 % av personale i barnehagane skal vera pedagogar. Dette inneber ein auke på 12 årsverk i kommunale barnehagar frå august 2018. Assistentårsverk må gjerast om til pedagogårsverk. Det vil vera ei utfordring å kunna rekruttera så mange nye pedagogar då det er mangel på denne type arbeidskraft. Det er derfor forventa at talet på dispensasjonar frå pedagogkrava vil auka.

For at dei private barnehagane skal ha økonomi til å innföra ny norm for pedagogisk bemanning er det laga ei nasjonal overgangsordning for finansiering. Kommunen si rolle er å gje tilskot etter gjeldande regelverk.

Forslaget om nasjonal bemanningsnorm vil vera gjeldande frå august 2018. Forslaget inneber ei norm på maks tre barn per tilsett når barna er under tre år og seks barn per tilsett når barna er over tre år. For å nå forslaget om ny norm må kommunen auka med 4,2 årsverk for kommunale barnehagar. Endringa i bemanningsnorm vil etter regelverket ikkje føra til auka kostandar til private barnehagar før i 2020. Grunnen er at satsane for tilskot til private barnehagar vert utrekna frå to år gamle rekneskap. For at dei private òg skal klare å oppfylla bemanningsnorma vil kommunen auka tilskotet allereie frå januar 2019.

Me vil òg auka talet på tilsette med fagbrev gjennom å stilla krav til kompetanse ved tilsetting, rekruttera lærlingar og leggja til rette for at ti ufaglærte tilsette skal ta fagbrev i 2018/2019.


Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne har auka svakt dei siste åra. Delen av barn som får spesialpedagogisk hjelp ligg på 2,5 %, noko som er under nasjonalt nivå på 2,9 %. Ramma vert nå auka med 0,4 millionar, tilsvarande meirforbruket tidlegare år. Ramma til styrka barnehagetilbod er knytt opp mot enkeltvedtak for barn med spesialpedagogisk hjelp. Det er i langtidsperioden lagt opp til ei opptrapping i 2019 på 0,2 millionar kroner. Det er ein ønska profil å legga innsatsen tidlegast mogleg og før barnet kjem i skulealder.



Talet på fleirspråklege barn har dei siste åra auka og me har over fleire år sett behov for å styrka arbeidet kring desse barna. Det er lagt opp til ei styrking av området i langtidsperioden.

## Undervisning

Det er 2587 elevar i Timeskulane. Nye prognosar viser at det fortsatt er vekst, men at han er lågare enn tidlegare berekningar for komande planperiode. Ei prosjektgruppe er i gang med planlegging av ny ungdomsskule i Nordlysvegen. Skulen skal stå ferdig ved skulestart 2020.



Resultatet, vist som grunnskulepoeng frå avgangskullet i 10. trinn i 2017, viser at gjennomsnittet for elevane våre saman med Sandnes er høgare enn for nabokommunane og nasjonalt nivå.


Regjeringa auka satsinga med lærarårsverk i statsbudsjettet for 2017 på tidleg innsats for elevar som slit med å knekka lesekoden eller som treng ekstra oppfølging for å koma på nivå med klassekameratane. Med Meld. St. 21 "Lærelyst- tidleg innsats og kvalitet i skolen" vert det nå ei plikt for skulen å gje intensivkurs for elevar på 1.-4. trinn som står i fare for å hengja etter i lesing, skriving og rekning. Dette betyr at det må vera ressursar og kompetanse til å setja i gang intensivkurs når behova oppstår.

I tråd med politisk vedteken kompetanseplan for skule aukar ein midlar til dette med 100 000 kroner for å dekkja utgiftene for vidareutdanning for lærarar gjennom ordninga Kompetanse for kvalitet.

Innføring av desentralisert ordning for kompetanseutviklingsmidlar til skulen medfører ein eigendel på 30 %. Kostnaden for Time er 150 000 kroner.

For å dekkja behovet på Bryne ungdomsskule for hallkapasitet til kroppsøvingsfaget og valfag vert det gjort avtale med Bryne FK om leige til ein kostnad på 150 000 kroner.

Eit av hovudområda i Strategiplan for Oppvekst er «Oppvekst i informasjonssamfunnet». Dette for å møta den utfordringa som ligg i å veksa opp i eit samfunn der kunnskap om, og bruk av ny teknologi, kan vera avgjerande med tanke på yrkesval og mogleheter i arbeidslivet.



Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning har gått frå 9,4 % i 2015 til 7,2 % til 2016. Sjølv om det er nedgang i talet på elevar med vedtak om spesialundervisning vert det fortsatt brukt fleire lærartimar til spesialundervisning i Time samanlikna med nabokommunane.

Time har for høgt fråfall av unge i vidaregåande opplæring. Ei samhandlingsgruppe mellom Time kommune, Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule vart etablert hausten 2015. Som eit resultat er det sett saman ei tverrfagleg gruppe av deltakarar i Time, Klepp og Bryne vidaregåande skule med mål om å utforma ein heilskapleg plan for overgangsarbeidet som skal brukast på skulane. Eit ledd her er å tilføra ressursar på 75 000 kroner for å tilby inntil fem ungdommar sommarjobb.

Prøveordninga med arbeidslivsfag vart innført som eit alternativ til andre framandspråk, er nå del av læreplanverket. Bryne ungdomsskule har saman med Bryne vidaregåande skule gjennomført eit innovasjonsprosjekt. Funna som kom ut av prosjektet medfører at det nå vert arbeidd for å setja i verk arbeidslivsfaget på alle ungdomsskulane i Time i løpet av dei komande to åra. Kostnad til dette er lagt inn i økonomiplanen.

Frå august 2017 trådde nytt regelverk om trygt og godt skolemiljø, kap. 9-A i opplæringslova, i kraft. Det vert nå innført tiltaksplikt for skulane og endringar knytt til vedtak. Lovendringa medfører at det nå er fylkesmannen som skal skriva vedtak dersom føresette vel å senda klage på skulen si oppfølging. Det er utarbeidd ein digital portal for skule og barnehage som skal brukast i kommunane i Jærskulen. «Zippys venner» er eit tverrfagleg program der skule og helsestasjon jobbar med temaet psykisk helse på småskulen.

## Barnevern


Barnevernenesta vert i stor grad påverka av ytre faktorar, for eksempel kor mange meldingar ein mottar og kor alvorlege sakene er. I 2017 har ein grunna mange meldingar om vald hatt auke i akuttplasseringar. På grunnlag av dette forventar me ei auke i omsorgsovertakingar i 2018. Plasseringar er kostbart og store endringar her vil medføra auka kostnadar. Den økonomiske ramma for drifta er ikkje auka på dette området.

I 2018 vil me auka kompetansen hos tilsette i barnevernenesta ved at dei vert med i Regionalt ressurssenter for vold, traumatiske stress og selvmordsforebygging (RVTS), sitt opplæringsprogram for vald og overgrep.

Omstillingsprosjektet «Tidlig innsats på tvers av tenesteområda» konkluderte i mai 2017 med at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på gevinstar ved ei tydelegare og endra oppgåvefordeling mellom familiesenteret og barnevernstenesta. Målet er å dreia deler av tiltaksinnsatsen frå barnevern til familiesenteret. Då vil me kunna gje hjelp på eit tidlegare førebyggingsnivå og frigje meir tid for barnevernstenesta til å arbeida med dei alvorligaste sakene.

Eit klart mål er at auka tidleg innsats over tid skal vera med å få ned talet på omsorgsovertakingar og igjen redusera utgiftene. Derfor er det for 2018 lagt inn eit kutt på 350 000 kroner i barnevernstenesta.

Barnevernstenesta vart for fleire år tilbake tilført ei 80 % stilling utan at det fylgde med økonomiske midlar. For å retta opp i dette vert barnevernstenesta styrka med 400 000 kroner i 2018. Resterande kostnad på 200 000 kroner skal finansierast gjennom bruk av vikarmidlar.



### Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter

Tenesteeininga helsestasjon- og skulehelseteneste omfattar svangerskapsomsorg, helsestasjonstilbod 0-5 år, skulehelseteneste i grunnskulen og i vidaregåande skule, helsestasjon for ungdom, smittevern og tilbod om-vaksinering ved utanlandsreiser. Open barnehage er også organisert inn under helsestasjonen. Familiesenteret er eit lågterskeltilbod for barn og unge 0-18 år og familiane deira.

Helsestasjonen fekk i 2016 oppretta 0,4 årsverk til tenester til flyktningane. Dette årsverket er nå trekt inn grunna endringar i talet på flyktningar.

I tråd med regjeringa si satsing på helsestasjons- og skulehelsetenesta styrka me tenesta i 2017 med eitt årsverk, med ei opptrapping av eitt nytt årsverk i 2019.

Nye nasjonale faglege retningslinjer for barselomsorga er bakgrunn for at helsestasjonen må auke jordmorressursane. Retningslinjene legg opp til at alle nysfødde skal ha heimebesøk av jordmor seinast tre dagar etter at dei kjem heim frå sjukehuset. Eit viktig mål med dette er å tidleg fanga opp dei som i etterkant treng ekstra oppfølging frå helsesyster eller andre i hjelpeapparatet. Time kommune søkte og fekk innvilga 805 000 kroner frå Helsedirektoratet for å styrka denne tenesta.

Omstillingsprosjektet «Tidlig innsats på tvers av tenesteområda» konkluderte i mai 2017 med at ein kan leggja ned mor-barn gruppa for minoritetsspråklege i den opne barnehagen då tilboden vart lite nytta. Innsparinga her er på eitt årsverk.

## Kulturskulen

Nasjonal rammeplan «Mangfold og fordypning» ligg til grunn for drift og utvikling. Kulturskuletilbodet i Time rettar seg i hovudsak mot barn og ungdom i alderen 0-19 år.

Rammeplanen legg til rette for at kulturskulen skal inngå forpliktande samarbeid med skule, kultur og helsesektor. Time kulturskule skal framover arbeida meir for å utvikla vidare samarbeid på tvers av kommunale einingar.

Kulturskulen har ei utfordring knytt til avklaring kring ny lokalisering. Dette vert tatt med i planar kring bruk av dei bygga Time kommune disponerer og i revidert skulebruksplan.

## Bryne kompetansesenter

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter er delt inn i dei tre områda grunnleggjande norskopplæring (GNO) for minoritetsspråklege elevar frå 1.-10. trinn, grunnskuleopplæring for vaksne inkludert spesialundervisning etter opplæringslova, og norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Grunnskuleopplæringa for vaksne er i samarbeid med Klepp og Hå, og norsk og samfunnskunnskap for vaksne er i samarbeid med Klepp.

Utfordringar knytt til tilbod gitt ved norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar er at det har gått lang tid før dei har kome ut i arbeidslivet, eller starta på vidare utdanning. BKS har søkt og fått tilskot i eit treårig prosjekt for å gjera forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne kalla «Forberedende vaksenopplæring» (FVO) på grunnskulenivå. Målet er raskare overgang til arbeid eller vidaregåande opplæring. Talet på deltagarar ligg på rundt 100 for FVO.

Talet på deltagarar på norsk og samfunnskunnskap har endra seg drastisk i forhold til 2016. Etter nedlegging av asylmottak i Klepp, Time og sist i Hå, har talet på deltagarar gått ned frå rundt 250 til 170. Dette får konsekvensar for organisering og bemanning både for dette tilbodet, men òg for innføringsklassane i grunnskulen (GNO) som har gått frå 30 elevar til 14 elevar frå våren til hausten 2017.

## PPT

PPT arbeider både på individ og på systemnivå i barnehage og skular. I enkeltsaker har PPT ansvar for å utarbeida sakkunnige vurderingar, og på systemnivå skal ein hjelpe barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling, for å leggja best mogleg til rette for barn med spesielle behov.

PPT deltek nå i eit utredningsarbeid saman med Klepp PPT kor ein vurderer om det er føremålstenleg med felles PPT. Dette arbeidet skal vera ferdig i løpet av hausten 2017. Ei eventuell samanslåing vil òg kunna utlöysa nye økonomiske behov.

PPT skal i 2018 innföra eit nytt fagprogram, og får auka driftsutgifter.

PPT har i fleire år arbeidd med å få ned ventetida på sakkunnige utgreiingar. Målet er å redusera ventelistene til éin månad i 2018.

Det er mange drivrarar for spesialundervisning og det trengs analysar og gode tiltak i arbeidet med å snu denne utviklinga. Det vert derfor etablert ei arbeidsgruppe samansett av PPT og fagstab i Oppvekst.

## 6.1.2 Omstilling

I arbeidet med Omstilling 2017 er det lokalisert fleire område kor endring må vurderast. Det er her sett eit særleg fokus på tenester som ligg til alle dei tre kommunalområda, og som rettar seg mot barn og unge. For eksempel er fritidsklubbane organiserte i Samfunn og oppsøkande ungdomsarbeidarar er organiserte i Omsorg. Eit anna eksempel er Flyktningtenesta som er organisert i Samfunn, og alle busette flyktningar får sitt skuletilbod i Oppvekst.



Det er hausten 2017 sett i gang eit arbeid for å kopla desse tenestene betre saman og for å nytta ressursane på best mogleg måte. I det vidare arbeidet må det haldast fokus på dei førande punkta i strategiplanen for Oppvekst, der tidleg innsats ligg som det mest styrande prinsippet.

Oppvekst vil avslutta mor-barn-gruppa i open barnehage grunna låge besøkstal og spara inn eitt årsverk. I tillegg er det rekna med at den interkommunale tiltaksavdelinga i barnevernet vil føra til reduserte kjøp av eksterne tenester tilsvarende 350 000 kroner.

Som ein del av omstillingsprosjektet vert det i november 2017 lagt fram eiga politisk sak med revidert skulebruksplan.

## 6.1.3 Mål for langtidsperioden

«Strategiplan Oppvekst 2016–2022» er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunktene gjev ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane.

Hovudpunkt i Strategiplan	Mål
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte</li></ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"><li>Alle einingar har tilsette med fleirkulturell kompetanse</li><li>Barnehagane og skulane arbeider etter eigen plan for språkopplæring</li><li>Alle einingar har informasjon tilgjengelig på ulike språk</li></ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"><li>Alle einingar har system for, og kompetanse hos tilsette i arbeidet med psykisk helse</li><li>Kartlagt og sett i gang tiltak ut frå arbeid med «Sjumilssteget»</li><li>Einingane har universelle tiltak som har ført til ein reduksjon av barn med spesialpedagogiske vedtak på 35 %</li></ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"><li>Oppvekst har eit felles kunnskapsgrunnlag som vert brukt ved val av teknologi og metodikk for læring og utvikling</li></ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"><li>Alle einingane er kjende med og brukar BLT-metoden for å utvikla innovasjonskultur</li><li>80 % av dei tilsette i Oppvekst har relevant utdanning</li></ul>

## 6.1.4 Tiltak i 2018

Barnehage

Hovudpunkt i strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auka pedagogisk bemanning i barnehagane opp til ny nasjonal norm</li><li>• Auka bemanninga i barnehagar opp til ny nasjonal norm</li><li>• Leggja til rette for fagarbeidarutdanning innan barne- og ungdomsarbeidarfaget for 10 assistenter i kommunale og private barnehagar</li></ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"><li>• Plan for språkarbeid skal inngå i barnehagen sin årsplan</li><li>• Ta i bruk språkverktøy «Bravo» for å betre det systematiske språkarbeid på 0-3 års avdelingane i 11 barnehagar</li><li>• Utarbeida nye overgangsrutinar for overgang frå barnehage til skule for fleirspråklige barn</li></ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"><li>• Alle einingar har planar og arbeider systematisk for arbeid med å fremma god psykisk helse hos barna</li><li>• Kartleggja og setta i gang tiltak ut frå arbeid med Sjumilssteget</li><li>• To skular og to barnehagar skal i samarbeid med Hå, Gjesdal, Klepp og Time delta i eit nasjonalt prosjektet for inkluderande barnehage- og skolemiljø</li><li>• To barnehagar skal verta Marte Meo barnehagar. Mål i ein Marte Meo barnehage er å nytta metodikken med å setja fokus på vaksenrolla og utviklingsstøttande læringsmiljø</li></ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"><li>• Barnehagen sin digitale praksis skal inngå i barnehagen sin årsplan</li></ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"><li>• Implementera ny nasjonal rammeplan</li><li>• Alle barnehagane skal ha tilsette med rettleiingskompetanse som skal nyttas i rettleiing av nyutdanna pedagogar og studentar</li></ul>

## Undervisning

Hovudpunkt i strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja framtidig løysing av lokalitetar for å dekkja kapasiteten for elevtalsveksten i sentrumsskulane</li> <li>• Ha minimum 15 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet»</li> </ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Evaluera innovasjonsprosjekt med ulike modellar for organisering og innhald av språkopplæringa til fleirspråklege elevar på utvalde skular for planlegga og implementera vidare</li> <li>• Utforma informasjonsmateriell om SFO-tilbodet på fleire språk</li> <li>• Utarbeida nye overgangsrutinar for overgang frå barnehage til skule for fleirspråklige barn</li> </ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeid med Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule for utforming og implementering av ein heilskapleg plan for overgangsarbeid grunnskule-vidaregåande skule</li> <li>• Samarbeid med Klepp kommune for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring om arbeidslivsfaget på Frøyland ungdomsskule og Orstad skule</li> <li>• Sommarjobb for fem ungdommar som del av samhandling om «tett på» med Bryne vidaregåande skule</li> <li>• To skular og to barnehagar frå Time skal i samarbeid med andre barnehagar og skular i Jærskulen delta i prosjektet «inkluderande barnehage- og skolemiljø»</li> <li>• Utvikla intensivkurs på alle skulane for elevar med behov innanfor rekning, lesing og skriving</li> <li>• Bryne skule og Bryne ungdomsskule skal vera del av innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren» i samarbeid med helsestasjonen og PPT</li> <li>• Bryne skule skal starta opp og delta i programmet «Zippys venner» i.f.t psykisk helse der Lye skule og Undheim skule òg er med</li> <li>• Fire assistenter i skule/SFO skal ta fagarbeidarutdanning</li> </ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforma rammeverket «Pedagogisk bruk av læringsteknologi, DigIT, vidare i Time» i leiargruppa</li> <li>• Fullføra utvidinga med nettbrett 1:1 på alle skulane</li> <li>• Testa ut koding i undervisning på utvalde trinn på fleire skular</li> <li>• Skulane utformar ein plan for kritisk tenking med bruk av læringsteknologi i opplæringa</li> </ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle skulane skal ha minst ein lærar med rettleiingskompetanse overfor nyutdanna</li> <li>• Alle skulane tek i bruk metodar som Lesson study, kollegarettleiing og anna for læring og utvikling i organisasjonen</li> <li>• Alle skulane testar BLT-metodikken på eit av sine utviklingsområde</li> <li>• Laga system for informasjonsflyt og medverknad i SFO</li> </ul>



**PPT, Barnevern, Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (BKS), Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)**

Hovudpunkt i strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>• BKS må justera drift i tråd med endringar i talet på brukarar</li> </ul>
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Time kulturskule skal vidareutvikla fargeglobus med opplegg for eldre elevar og SNO-elevar i grunnskulen</li> </ul>
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> <li>• PPT, helsestasjonen og utvalde skular skal delta i innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren»</li> <li>• PPT skal kutta ventetida på sakkunnige utgreiingar til éin månad</li> <li>• PPT skal saman med fagstab finna fram til nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og skulane</li> <li>• Barneverntenesta sine tilsette skal delta i RVTS sitt kompetanseprogram for å styrkja kompetansen på vald og seksuelle overgrep. Opplæringa føregår i halvanna år</li> <li>• Time kulturskule vil etablera rutinar for nødvendig informasjonsflyt mellom einingar som arbeider med barn og unge</li> <li>• Time kulturskule vil gje utsette barn eit tilbod gjennom å forsera elevplassar ut frå individuelle behov og innføring av friplassar</li> <li>• BKS skal testa ut og gjera forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne</li> <li>• HSF skal foreta heimebesök til nyfødde seinast tre dagar etter utskrivning frå sjukehuset</li> <li>• HSF fortsett deltakinga i det nasjonale prosjektet «Familie for første gang»</li> <li>• Sjumilssteg-arbeidet fortsett med to prioriterte tiltak. Det eine er å få til auka medverknad frå barn og unge. Det andre for å få til betre samordning av innsatsen overfor barn og unge.</li> </ul>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Time kulturskule skal ferdigstilla nytt informasjonsmateriell for kulturskulen</li> <li>• BKS skal utforma plan for digital kompetanse</li> </ul>
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Time kulturskule skal implementera nasjonal rammeplan</li> <li>• BKS skal utforma utviklingsplan med definerte satsingsområde</li> </ul>

## 6.1.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Økonomiplan				2017- 2018
			2018	2019	2020	2021	
Administrasjon	6 365	6 939	7 039	7 039	7 039	7 039	1,4 %
Pedagogisk psykologisk teneste	6 105	6 617	6 656	6 956	7 356	7 356	0,6 %
Barnehagar	168 138	169 801	168 288	171 311	172 594	174 330	-0,9 %
Undervisning	204 732	208 581	213 030	215 884	218 667	221 477	2,1 %
Vaksenopplæring	2 385	2 677	2 572	2 572	2 572	2 572	-3,9 %
Kulturskule	6 419	6 487	6 486	6 486	6 486	6 486	0,0 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	12 327	13 399	13 363	13 963	14 263	14 263	-0,3 %
Kriminalitetsførebygging	774	813	805	805	805	805	-1,0 %
Barnevern	29 333	31 189	30 942	30 942	30 942	30 942	-0,8 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>436 578</b>	<b>446 503</b>	<b>449 181</b>	<b>455 958</b>	<b>460 724</b>	<b>465 270</b>	<b>0,6 %</b>

## 6.1.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Tilføra barnevernstesta 350 000 kroner for å retta gammal feil med manglande lønnsmidlar
- Ny helsesysterstilling i 2019
- Reduksjon på 0,4 årsverk til helsesyster for asylsøkjarar
- 200 000 kroner til nytt fagprogram i PPT, og 150 000 kroner årleg frå 2019, til drift og vedlikehald av programmet
- Auke på 400 000 kroner til «styrka barnehage» i 2018, og ytterlegare 200 000 kroner i 2019
- Auke på 150 000 kroner til området minoritetsspråklige barn i 2019
- Auka bemanning i kommunale barnehagar tilsvarannde 4,2 årsverk
- Auka økonomisk ramme for private barnehagar som kompensasjon for auka bemanning, kostnadane til auken er finansiert med 1,9 millionar kroner
- Reduksjon på 30 barnehageplassar
- Reduksjon på 300 000 kroner i vikarressursar til kommunale barnehagar
- 2,15 årsverk i auka bemanning i grunnskule grunna auke på 35 elevar i 2018
- Innført arbeidslivsfag over ein toårsperiode på ungdomsskulane. Kostnadane for 2018 ved innføring på Bryne ungdomsskule og Frøyland ungdomsskule er 167 000 kroner. Kostnadane for 2019 der alle ungdomsskulane er med er 567 000 kroner. I 2020 vert kostnaden med heilårsverknad 800 000 kroner
- Auke på 75 000 kroner til innovasjonsprosjektet for auka gjennomføring i vidaregåande skule
- Auke på 100 000 kroner til vidareutdanning for lærarar
- Auke på 150 000 kroner til leige av idrettshall for Bryne ungdomsskule
- 150 000 kroner til eigendel for desentralisert ordning med kompetanseutviklingsmidlar til skulen
- Reduksjon på 350 000 kroner til barnevernstesta (Omstilling 2017)
- Reduksjon på 650 000 kroner til open barnehage (Omstilling 2017)

## 6.1.7 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2017	Nye	Redusert	31.12.2018
Administrasjon	7,1			7,1
Pedagogisk psykologisk teneste	8,4			8,4
Barnehagar	165,4	4,2	-1,0	168,6
Undervisning	302,5	2,8		305,3
Vaksenopplæring	21,4			21,4
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	19,5		-0,4	19,1
Kriminalitetsførebygging	1,0			1,0
Barnevern	21,0	0,8		21,8
Årsverk i alt	558,0	7,8	-1,4	564,4

## 6.2 Omsorg

Tenesteområdet omfattar heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Med fokus på velferdsteknologi, tidleg innsats, brukarmedverknad og innovasjon er målet å utvikla fleksible og tilpassa tenester til kvar enkelt brukar. Tenestene vert tildelte etter nivå i omsorgstrappa.

Den nye eldregenerasjonen lever lengre fordi dei eldre har betre helse og kan møta alderdommen med heilt andre ressursar enn tidlegare generasjonar. Fleire av dei «nye eldre» har både høgare utdanning, betre økonomi, betre bustadar og betre funksjonsevne enn noko tidligare eldregenerasjon. Dei er teknologivante og vil bestemma sjølve. Omsorg må avklara forventningar om type og omfang av tenester. Me må gjera tenestetilbodet føreseieleg for innbyggjarane med tydelege kriterier.

Det vert viktig å henta ut effektiviseringsgevinsten som me reknar vil koma frå nye digitale arbeidsprosessar og innovasjon.

Veksten i talet på brukarar har vore størst blant dei under 67 år, brukarar med langvarige og kroniske sjukdommar, nedsett funksjon og psykiske og sosiale problem. Nær fire av ti mottakarar av pleie- og omsorgstenester i Norge er nå under pensjonsalder. Det er også slik at den største delen av nye ressursar som er sett inn i sektoren dei siste 20 åra har gått til å dekka tenestebehovet til det veksande talet på yngre brukargrupper. Me ser den same trenden i Time kommune.

Me vil fortsatt vera ein forskingsarena for ulike ernæringsprosjekt, og gjennomføra pilotar. Time kommune skal delta i kompetanseplattforma «Norsk måltidssenter». Det er ei kompetanseplattform som vil arbeida for mat og måltidsinnovasjonar for personar med helsemessig risiko og leggja til rette for ein sunn alderdom.

### 6.2.1 Status og utfordringar

Me arbeider for tida med tre prosjekt: «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar», «Omstilling 2017» og «Nærveråsprosjektet» (sjukefråvårsprosjekt)

I prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» er målet å laga arbeidstidsordningar etter brukarane sine behov, og å redusera talet på deltidsstillingar. Prosjektet er lagt opp etter innovasjonsmetoden BLT og nye arbeidstidsordningar vert testa. Me ser at lengre vakter i helgene vil redusera talet på helgestillingar, og auka tilgjengeleg fagkompetanse og kontinuitet. Brukarane får med dette færre tilsette å halda seg til og me kan tilby tilsette større stillingar.

«Omstilling 2017» omhandlar å finna måtar å arbeida på som gjev økonomiske innsparingar, med andre ord «rett teneste til rett tid».

«Nærverårsprosjektet» er eit toårig samarbeidsprosjekt mellom Organisasjon, Arbeidslivsenteret NAV og bedriftshelsetenesta (BHT). Målet er å gjera leiarane trygge og kompetente i sjukefråværarbeidet. Omsorg har som mål å halda fråværet under 7,5 %.



Velferdsteknologi må verta forankra ut i alle nivå i organisasjonen. Utviklinga og auken i bruken av velferdsteknologi og digitale ordningar vil gje oss ei utfordring framover dersom me ikkje har tilgjengeleg ikt-hjelp døgnet rundt. Pasientjournalsystem, mobil omsorg, velferdsteknologi og andre digitale løysningar er avhengig av at datanettverk og trådlaust nettverk til ei kvar tid fungerer.

Innføringa av ulike velferdsteknologiske løysingar er i gang. Me arbeider med å forma tenesta ved hjelp av tenestedesign. Me har starta med å testa ut GPS både hos brukarar på institusjon og heimebuande med demenssjukdom. Me vil ta i bruk digitale medisindisspensarar og digitalt natt-tilsyn.

Me ser på ulike løysingar for responscenter for dei ulike velferdsteknologiske løysingane me tek i bruk, kommunalt eller interkommunalt.

Me vil prioritera tidleg innsats for å fanga opp innbyggjarar som treng tilrettelegging med hjelp av tekniske hjelpemiddel eller velferdsteknologi. Me vil ta i bruk førebyggjande heimebesök og forsetja fokuset på ernæring som eit førebyggjande tiltak.

I gruppa eldre personar med rusproblem og nedsett buevne registrerer me at det er mange reinnleggningar til sjukehuset. Me vil derfor arbeida for å gje denne gruppa eit eigna tenestetilbod.

Rettsskravet på brukarstyrt personleg assistent (BPA) gjev kommunen utfordringar, både med saksbehandling og oppfølging. Dei som vert tilsett i BPA-ordningane har same krav til personaloppfølging som andre tilsette i kommunen. Me vil ha fokus på relevant kompetanse og opplæring av dei som har arbeidsgjevaransvar og er assisterar for å førebyggja turnover og sjukefråvær.

Personar med nedsett psykisk og fysisk funksjonsevne utviklar oftare demens i ung alder. Me må ha ein meir bevisst bruk av omsorgstrappa i miljøtenesta for å unngå einetiltak med heildøgnomsorg.

Kompetanseplanen gjev retning for kunnskap og kompetanse som Omsorg har behov for. Me legg til rette for etter- og vidareutdanning med permisjonar og stipend. Me oppmuntrar til e-læringskurs og andre fagkurs.


## Institusjonstenester

Institusjonstenesta har totalt 99 sengeplassar. På Bryneheimen er det 58 plassar, og av dei er det fire ektepar-/sambuar-rom. Bryneheimen gjev tenester til personar som treng heildøgnomsorg, medisinsk behandling og som ikkje kan bu heime. Sivdamheimen har 20 korttid-/rehabiliteringsplassar med to lindrande senger og 21 plassar til personar med demenssjukdom. Dagsenteret Vibå for personar med demenssjukdom, på Sivdamheimen, har 10 plassar.

Me ser at det er stort press på institusjonsplassar for personar med demenssjukdom. Me vil arbeida med å utvida dagtilbodet for dei yngre i denne gruppa, med lengre opningstider og helgetilbod. Med eit utvida dagtilbod vil deira ektefellar/sambuarar kunne stå lenger i arbeid, og brukaren kunna bu heime lenger.

Når brukaren er over 67 år får me ikkje refusjon på ressurskrevjande tenester.

Det er ein auke i behov for omfattande tenester til enkeltbrukarar. For å kunna gje denne gruppa eit komplett tenestetilbod treng me rettleiing og kompetanse frå spesialisthelsetenesta.



## Heimetenester

Tenestene omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, praktisk bistand, bukollektiv, tryggleiksalarmer, tekniske hjelpemidlar, velferdsteknologiske løysingar, støttekontakt, omsorgslønn, matombringning til heimebuande, dagsentertilbod og BPA.

I tråd med prosjektet Heiltid og arbeidstidsordningar testar heimetenestene langvakter på helg.

Etter tilråding frå forvaltningsrevisjonen på samhandlingsreforma, vert høgskulekompetansen nå betre fordelt over døgnet og på tvers av sonene.

I og med at me har lindrande senger i institusjon får heimebuande personar med kreft eit betre tilbod. Det gjev færre reinnleggningar på sjukehus.

## Rus og psykiatri

Tenesteeininga består av døgnbemanna bufellesskap, psykisk helse- og rusarbeid på dagtid, samt støttekontakt/treningskontakt. Det er også eit lågterskel dagtilbod lokalisert i Svensenhuset. NA-møte (Anonyme Narkomane) har vorte ein del av tenesta. Møta vert drivne av erfaringskonsulenten.

Det er ei auke i behovet for kjøp av eksterne heildøgn institusjonsplasser. Dette er brukarar som kommunen ikkje har spesialistkompetanse på.

I opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020) er ettervern/oppfølgingstenester eit av satsingsområda til regjeringa. Me vil etablira eit rusfritt bustadtilbod til personar som fortsatt ønskjer å vera rusfrie etter behandling. For å kunna bu her må brukaren vera totalt rusfri. Dette tilbodet er planlagt og skal kunna setjast i gang innanfor eiga budsjetttramme. I tillegg vil me søkja fylkesmannen om tilskot.

Time kommune inngår i eit interkommunalt samarbeid om ettervern med Klepp, Hå og Gjesdal samt No Limitation. Dette samarbeidet har fått midlar til drift direkte over statsbudsjettet.

## Miljøtenester

Tenesta er for personar med fysisk og/eller psykisk funksjonssvikt, og unge med tilknytings- og åferdsvanskar med behov for nødvendig helsehjelp og opplæring i daglege gjeremål. Tenesta består av døgnbemannna bufellesskap, BPA, barnebustadar, avlastningsheim, dagsenter, omsorgslønn og støttekontakt.

Foren burettslag (tidlegare kalla Stemmen) er planlagt opna januar 2018. Den enkelte brukar sitt behov for velferdsteknologi og tekniske hjelpemiddel er kartlagt saman med brukar sjølv og deira pårørande/verje. Me vil kontinuerleg evaluera velferdsteknologi opp i mot behovet for personalressursane.

Time kommune har motteke skjønnsmidlar frå Fylkesmannen på 400 000 kroner til eit prosjekt på kommunikasjonsløysingar (Jodacare) for digital dialog med brukarar/pårørande og tilsette. I første omgang vert dette sett i gang i Foren burettslag.

### 6.2.2 Omstilling

Utgreiingsarbeidet i Omsorg har resultert innsparingstiltak og behov for organisatoriske endringar. Me ser at med å ta i bruk velferdsteknologi bør det i perioden koma ei innsparing, spesielt i heimetenestene og miljøtenestene.

Me vil endra norma for tildeling av tenesta praktisk bistand, det vil seia hjelp til reingjering i private heimar grunna sviktende helse. Minimumstilbodet vert sett til kvar tredje veke mot kvar andre veke i dag, men tenesta vert tilpassa kvar enkelt sitt behov og alle får individuelle vedtak. Dette vil kunna gje ei innsparing på 1,4 millionar kroner i 2018.

Hausten 2017 flyttar sone nord basekontoret med personale til Kvernaland omsorgssenter. Me ser at det gjev ein gevinst både i tidsbruk og økonomi, då dei fleste tenestemottakarane for denne sona bur i nærområdet.

Me vil endra innhaldet på Bryne dagsenter, som er for personar med psykisk- og fysisk funksjonssvikt, til å verta eit meir individtilpassa og fleksibelt aktivitetssenter. Namnet vert endra til Bryne aktivitetssenter. Me ønsker å normalisera kvardagen til denne brukargruppa med at dei et måltida sine heime, og har med lunsjpakke på aktivitetssenteret. Innkjøp av middager vert redusert med 100 middagar kvar veke.

Det er planlagt at tilrettelagt aktivitet før og etter skuletid (TAT) for same brukargruppe, skal bruka dei ledige lokala i Velferdssenteret på Kvernaland omsorgssenter. Dette medfører innsparinger i transport og synergieffekt av personalet.

Omstilling 2017 viste at det er hensiktsmessig å samla både saksbehandling og administreringa av BPA-ordningane, og me vil derfor samlokalisera saksbehandlarar og merkantilt tilsette.

I dag er det ledige bustadar i fleire bufellesskap med heildøgns drift. Det er lite rasjonelt å drifta desse enkeltvis med tanke på økonomi, kompetanse og rekruttering. I samarbeid med brukarar og pårørande/verje vert tilbod og tenester gjennomgått for å vurdera kor samlokalisering er hensiktsmessig.

Kriteria for tenesta Bukollektiv er for uklare i dag. Det er behov for å laga nye og tydelege kriteria.

Me ønsker å etablira ei robust nattpatrolje fordelt på to team under ein leiar. Nattpatroljane skal vera kommunedekkande.

Verksemdeininga Røyrvika bufellesskap skal organiserast under heimetenesta.

Me vil ha ei robust ambulant teneste som skal ivareta heimebuande personar med psykisk og fysisk funksjonssvikt samt personar med utfordringar med åtferd og rus/psykiatri. Denne tenesta skal organiserast under psykisk helse- og rusarbeid.

Auka bruk av velferdsteknologi skal gje innsparing på totalt 600 000 kroner i 2018, 2,9 millionar kroner i 2019 og 3,2 millionar kroner frå 2020. Innsparinga er ved å ta i bruk elektroniske medisindispenserar og digitalt tilsyn.

#### **6.2.3 Mål for langtidsperioden**

Omsorg satsar på tidleg innsats, relevant kompetanse, godt leiarskap og tverrfagleg samarbeid. Målet er å ha brukarmedverknad,驱a innovativt, effektivt og få god kvalitet på tenestene. Samtidig skal me ha eit fagmiljø som er attraktivt og inspirerande. Omsorg skal vera ein lærande og inkluderande arena for tilsette, studentar, lærlingar, for dei som treng språkopplæring eller arbeidspraksis i samarbeid med NAV.


- Måla gevinstrealisering i kvalitet og økonomi for digitale medisindispenserar og digitalt natt-tilsyn
- Rekruttera tilsette med rett kompetanse for å ivareta omfanget og kvaliteten på tenestene i takt med samfunnsutviklinga
- Starta førebyggjande heimebesøk for eldre
- Nyttar ledig kapasitet på Kvernaland omsorgssenter
- Utvida opningstida i dagsentret for personar med demenssjukdom
- Etablera responscenter for velferdsteknologiske løysingar
- Innføra arbeidstidsordningar etter brukaren sitt behov
- Greia ut interkommunalt døgntilbod for eldre rusmisbrukarar

#### **6.2.4 Tiltak i 2018**

- Oppdatera tenestestandardane for omsorgstenester
- Implementera Omstilling 2017
- Fullføra prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar»
- Fornya «Strategiplan Omsorg»
- Redusera sjukefråværsprosenten til under 7,5 %
- Opna Foren burettslag og sikra effektiv drift
- Danna kompetanseeining, saman med Klepp og Gjesdal, for å utvikla omsorgstenestane
- Starta opp ettervern og bustadtilbod for personar som ønsker å halda seg rusfrie
- Delta i prosjektet «Norsk måltidssenter»
- Greia ut behovet for framtidig institusjonskjøkken

## 6.2.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Omsorg	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				2017-2018
			2016	2017	2018	2019	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon		5 018	5 308	5 218	5 208	5 208	5 208
Institusjonstjenester		84 524	84 131	90 608	91 533	91 658	92 658
Heimetenester		52 906	55 979	58 794	57 599	58 674	58 208
Miljøtenester		74 091	81 472	89 952	88 923	88 923	88 923
Psykisk helse og rus		17 880	20 347	19 075	20 229	20 669	21 109
Aktivitets- og servicetjenester		8 535	10 356	9 320	9 460	9 460	9 460
Samhandling		3 496	3 485	3 563	3 563	3 563	3 563
<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>246 450</b>	<b>261 078</b>	<b>276 530</b>	<b>276 515</b>	<b>278 155</b>	<b>279 129</b>
							<b>5,9 %</b>



## 6.2.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Utvida nattevakttenesta i Vardheia med 1,9 årsverk i 2018
- Auka i BPA-ordningar med 0,9 årsverk i 2018
- Nye ressursar til Foren burettslag, 12 årsverk i 2018
- Eitt årsverk til dagtilbodet for demente i 2018
- Tre årsverk ressurskrevjande tenester på Sivdamheimen i 2018
- Kjøp av ein ny ekstern institusjonsplass til 5,2 millionar kroner i 2018
- Sjukeheimslegane, 1,4 årsverk, vert flytt frå Samfunn til Omsorg i 2018
- Auka med eitt årsverk ergoterapeut i 2019
- Auka med eitt årsverk 2. etg. Sivdamheimen, Lindrande senger i 2019
- Auka med 0,2 årsverk sjukeheimslege frå medio 2019
- Ny VTA-plass i 2019
- Dra inn 2,5 årsverk i praktisk bistand (heimehjelp) i 2018 (Omstilling 2017)
- Auka bruk av velferdsteknologi gjer innsparing på 0,6 millionar kroner i 2018, 2,9 millionar kroner i 2019 og 3,2 millionar kroner frå 2020 (Omstilling 2017)
- Flytta verksemd Nord i heimetenesta til Kvernaland gjer innsparing på 0,3 årsverk (Omstilling 2017)
- Endra måltidsrutinar i miljøtenesta gjer innsparing på 500 000 kroner frå 2018 (Omstilling 2017)
- Diverse innsparinger på 260 000 kroner (Omstilling 2017)

## 6.2.7 Oversikt over personalressursar

Omsorg	31.12.2017	Nye	Redusert	31.12.2018
Administrasjon	4,0			4,0
Institusjonstenester	119,5	5,4		124,9
Heimetenester	77,9	1,9	-3,8	76,0
Miljøtenester	121,9	15,8	-7,4	130,3
Rus- og psykiatritenester	29,7	2,0		31,7
Aktivitet- og servicetenester	6,0			6,0
<b>Årsverk i alt</b>	<b>359,0</b>	<b>25,1</b>	<b>-11,2</b>	<b>372,9</b>

## 6.3 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innafor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopp hold, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturvernsinteresser.

### 6.3.1 Status og utfordringar

Det er ei prioritert oppgåve å finna og utføra rettast moglege tiltak for handtering av overvassutfordringane på Bryne.

Det er ei utfordring å få tilsett nye private fastleger. Dette gjeld både i Time og andre kommunar i regionen. Det kan sjå ut som legane i større grad ønsker å vera arbeidstakrar og i mindre grad driva privat praksis med store investeringar i startfasen.

Samarbeid med NAV Time om tiltak for å redusera aukande arbeidsløysa i regionen er viktig. Kommunen tek sin del av ansvaret ved å stilla praksis- og aktivitetsplassar til disposisjon for arbeidsledige og sosialhjelpmottakrar.

NAV Time har utvida ungdomsteamet. Unge vaksne med helse- og sosiale utfordringar får tett og tilpassa oppfølging for å koma i arbeid.

Kommunen har dobla talet på mottak av flyktningar for å ta sin del av den auka flyktningstraumen som landet opplevde i 2015. Nå er situasjonen annleis, og det er usikkert kor mange flyktningar kommunen får i 2018.

Samfunn har ansvar for å levera ferdige kommunale bygg til rett tid i tråd med investeringsdelen til økonomiplanen.

### Folkehelse, plan og landbruk

Folkehelseprofil for Time skal reviderast og vera klar til arbeidet med ny planstrategi startar i 2019. Kommunen har etablert årshjul for løypande oversiktsarbeid. Det syner kva indikatorar kommunen skal følgja med på og kva rutinar og ansvar som gjeld.

Nye nasjonale forventningar til kommunal planlegging legg vekt på raskare planprosessar og tidleg avklaring for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Endringar i plan- og bygningslova medfører krav om større vekt på startfasen, samt nye reglar for forslag til endringar i reguleringssplanar.

Plan og forvaltning opplever mindre pågang av private reguleringsplanar. Det er færre planar, men dei som kjem er større og meir omfattande prosjekt med fleire involverte partar.

Handlingsprogrammet til ny sentrumsplan for Bryne vedtatt hausten 2016 gjev konkrete arbeidsutfordringar dei komande åra.

Arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen vil ha høg prioritet i 2018.

Revidert Landbruksplan 2016-2026 vart vedteken i 2017. Den legg føringar for landbrukspolitikken i kommunen og føreseileg forvaltning av landbruksaker og skal gje innspel til kommuneplanen sin arealdel.

Det er i 2017 vedteke fleire planar som skal følgjast opp. Det gjeld m.a. «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» og «Tiltaksplan for Håelva». Arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» er starta opp saman med Klepp. Tiltaksplan for Håelva og Orrevassdraget er delprosjekt som har samanheng med EU sitt vassdirektiv, og tiltak vert følgt opp i samarbeid med grunneigarar, fylkesmann, fylkeskommune og Norges vassdrag- og energidirektorat.

## Beredskap

Bryne brannstasjon er i 2017 tatt i bruk med dagkassernert mannskap som skal dekka behovet for beredskap i Klepp og Time i minst 10 år fram i tid. Dette i tillegg til ny hovudbrannstasjon for Rogaland brann og redning IKS i Sandnes som også vart teken i bruk i 2017. Då kostnadane for Rogaland brann og redning IKS f.o.m. 2022 skal fordelast fullt ut etter folketalet i eigarkommunane, vil samla kostnadar for Time auka betydeleg fram mot 2022.

Kommunen følgjer regelmessig opp beredskapsarbeidet mellom anna med samarbeid og øvingar med IVAR IKS, Rogaland brann og redning, Fylkesmannen og Sivilforsvaret. Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen er revidert i 2016 og handlingsplanen vert følgt opp i økonomiplanarbeidet framover.

## Samferdsel og grøntområde

Me har utfordringar med eit større etterslep avreasfaltering av kommunale gater og vegar. Innsatsen her er noko styrka i dei komande fire åra. Krav om utskifting av gammalt gatelysarmatur med LED-teknologi er teke høgde for i investeringsdelen.


Mange overordna og lokale samferdselstiltak er under planlegging, men sett noko på vent til framtidig trasè for E39 er avklart. Ein eventuell «Utbyggingspakke Jæren» vil opna for at kommunen får løyst mange av sine samferdselsutfordringar, etablerte miljøtiltak og eit gang- og sykkelvegnett for framtida.

Kommunen har overteke og etablert mange nye grøntområde dei siste 15 åra. Dette set krav til meir effektiv drift, og me arbeider for å systematisera og forenkla vedlikehaldet. Ein betydeleg effektivitetsgevinst er henta ut dei tre siste åra.

Kommunen har vedteke ein omfattande plan for rehabilitering av leikeplassar på Lye og er i gang med tilsvarende planarbeid for Bryne sentrum og Kvernaland. Planarbeidet for Bryne er omfattande og må koordinerast med andre tiltak i ny sentrumsplan, gatebruksplan og overvasstiltak. Forventningar til kvalitet frå publikum aukar og nye miljøkrav utfordrar effektiv drift ytterlegare. Sannsynlegvis vil desse miljøkrava utløysa ny teknologi over noko tid som kompenserer for meirarbeidet ein opplever nå.

## Vatn, avløp og renovasjon


Hovudplan for vatn og avløp 2016-2026 vart vedtatt i 2017. Hovudtiltaka i planen har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og dårlig leidningsnett og handtering av overvatn. Ei lang rekke overvasstiltak er nå definert, og fleire av tiltaka er under planlegging og/eller vert utførte, jf. investeringsdelen.



Renovasjonstenesta er vurdert kostnadseffektiv og gebyrnivået er blant dei lågaste i landet. Det vert innført ny renovasjonsordning i planperioden. Plastemballasje skal ikkje lenger sorteras som eige avfall, men inngå i restavfall. I 2019 vil sentralsorteringsanlegget for avfall stå klart på Forus. Anlegget vil m.a. sortera plastemballasjen ut frå restavfallet. I 2016 starta me opp ei prøveordning med henting av grovavfall. Ordninga viste seg fort å vera særskilt mykje brukta, og er nå ei fast ordning. Tilsvarande henteordningar for hageavfall og farleg avfall kan og vurderast i åra framover.

Renovasjonsavgifta vart auka noko i 2017. Regjeringa varsler at det vert vurdert å innføra ei CO<sub>2</sub>-avgift på det generelle nivået for utslepp av klimagassar frå forbrenning av avfall frå 01.01.2018. Det betyr at det frå 01.01.2018 kan innførast ei CO<sub>2</sub>-avgift på all restavfallstonnasje som vert behandla i forbrenningsanlegg i Norge, også frå hushaldar. Ei slik avgift vil for Time sin del utgjera om lag 350 000 kroner i auka kostnadar per år og må fordelast på gebyret. Det er nå tatt høgde for denne kostnadsauken i budsjettframlegget f.o.m. 2018.

## Helse-, sosial- og flyktningtenesta




KOSTRA-tala 2016 syner at lege- og fysioterapitetenestene i Time ligg på nivået til nabokommunane og fylkessnittet eller litt over. Tal for ergoterapi er feil og det er ikkje reelt å samanlikna med andre kommunar. Tenesta har totalt 4,4 årsverk i 2016, som gjev 2,3 årsverk per 10 000 innbyggjarar.

Framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i «Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulansetjeneste, medisinsk nødmeldeteneste m.v.» (akuttmedisinforskrifta), som trer i kraft 01.05.18, vert nå vurdert saman med Hå, Klepp og Sandnes. Me venter ei endeleg avklaring i slutten av 2017. Kostnadsauken er så langt kalkulert til minst 1,2 millionar kroner årleg.

Sjølv om fastlegeordninga i dag har kapasitet til å dekkja behovet, er det ei utfordring å få rekrytert nye private fastlegar når legar pensjonerer seg eller nye heimlar vert oppretta. Talet på fastlegeheimlar i dag sett i forhold til valt listelengde og folkevekst tilseier at det ikkje er behov for å oppretta ny fastlegeheimel før om tre år.

I langtidsperioden er det føreslått å styrka privat fysioterapi med eit driftstilskot frå siste halvdel av 2019. Ergoterapitenesta er styrka med eit årsverk til arbeidet med kvardagsrehabilitering i 2017.


Lov om vern av tobakkskader er endra. Det skal innførast ei registrerings- og tilsynsordning for sal av tobakksvarer. Medlemskommunane i Rogaland brann og redning ønsker at Miljøretta helsevern skal utføra tilsyn og saksbehandlinga knytt til dette. Kostnadane for tilsyn vert dekka av gebyr som vert betalt av utsalsplassane for tobakk.



KOSTRA-tala 2016 syner at Time har ein større del sosialhjelpsmottakarar enn andre kommunar på Jæren. Time er på nivå med Sandnes. Utgiftene på sosialhjelp er i 2017 på veg ned, men NAV Time har framleis eit samla overforbruk. Grunnen til det er betydeleg auke i utgiftene til Kvalifiseringsordninga. Det er nå om lag dobbelt så mange deltakarar som året før. Dette er på nivå med dei måltala fylkesmannen har sett.

NAV Time har delteke i eit omstillingsprosjekt for å redusera sosialhjelpsutgiftene. I prosjektet valde ein å fokusera på hyppig rapportering på viktige område. Det er gjennomført ei spesialisering av arbeidet med sosialhjelp. NAV Time har fått ekstra statlege ressursar til å sette inn nye tiltak for å redusera ungdomsledigkeit.

Det vart innført arbeidsplicht for sosialhjelpsmottakarar under 30 år i 2017. NAV Time har styrka ungdomsteamet og starta opp «Timemodellen». Det er eit 6-vekers arbeidsretta opplegg, som sosialhjelpsmottakarane under 30 år må delta i. Resultatet etter første gjennomføring er at 21 av 25 deltagarar ikkje lenger har sosialhjelp. Dette tiltaket vert gjenteke kvar 6. veke for nye deltagarar. Til saman reknar me med at desse tiltaka vil gje at sosialhjelpsutgiftene vert reduserte.



Busetting av flyktningar har følgt treårige planar i Time i lang tid. Dette har vore føreseileg for den kapasiteten me må ha i mottaksapparatet. Kvoten for mottak av flyktningar i perioden 2016-2018 vart auka til 40 personar årleg fordi fleire asylsøkjarar kom til landet. I sommar gav Integrerings- og mangfalldirektoratet signal om at kommunane vil få færre busettingar i 2018 på grunn av reduksjon i asylsøknadar. Me har budsjettert med mottak av 20 flyktningar i 2018.

Det krev god samordning av tenester for at flyktningane lettare vert integrerte i lokalsamfunnet, og kvalifiserte til arbeid og utdanning. Det skal prioriterast å få flyktningar raskast mogleg ut i arbeid eller utdanning. Introduksjonsprogrammet skal verta meir individuelt tilpassa slik at me kan byggja på den enkelte flyktning sin eigen kompetanse.

## Kultur

Bryne kino flyttar hausten 2018 til nye lokale med fire salar i Bryne Torgsenter. Det vil gje eit utvida tilbod til publikum og vera eit viktig byutviklingsgrep. Storstova kan då reindyrkast som kulturhus med utvida kapasitet for ulike aktørar. Det må gjerast strategiske val om kva slags kulturhus ein ønsker, om profil og driftsmodell. Kulturhuset må deretter tilpassast desse vala.

Time bibliotek har dei komande åra behov for å byta biblioteksysten, og vurderer aktuelle løysingar saman med bibliotek i regionen. Biblioteket ønsker å styrka marknadsføringa av arrangement, samt vurdera innføring av såkalla «meirope bibliotek», som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna.


Drifta av musea i Time må avklarast og vidareutviklast dei komande åra. Det gjeld måten musea er organiserte på, kva tilbod dei skal gje, samt kor store økonomiske ressursar som vert stilt til disposisjon. Garborgheimen og Knudaheio høyrer til den nasjonale kulturhistoria og må prioriterast. I tillegg vert det arbeidd for å styrka og vidareutvikla den årlege litteraturfestivalen Garborgdagar.

Den nye kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv inneholder mål og tiltak for å utvikle idretts- og friluftstilbodet i Time. Det er ei viktig oppgåve å følgje opp planen med årleg revisjon av handlingsprogrammet og prioritering av anlegg og andre tiltak. Det er i perioden sett av midlar til ny fleir brukshall i Vardheia og til ny symjehall på Bryne. I tillegg kjem midlar til ei rekke friluftslivs- og nærmiljøanlegg.


Fritidstilbodet for ungdom på Bryne er styrka ved etablering av Møllekjellaren i 2016. Møllekjellaren er både fritidsklubb og øvingslokale for band, og har på kort tid vorte ein viktig møtestad for unge. Det er dei komande åra behov for å vurdera status og tiltak for vidareutvikling av resten av fritidsklubbtildobdet i kommunen.

## Eigedom

Det vert bygd ny Trollongane barnehage i 2018-2019. Planlegging og bygging av ny ungdomsskule og fleir brukshall i Vardheia, i samarbeid med Klepp, er planlagt ferdigstilt i 2020.



KOSTRA-tala 2016 syner at Time har mindre areal til eigedomsforvaltning per innbyggjar enn Hå, Klepp, aktuell KOSTRA-gruppe, fylkes- og landssnittet.



Driftsutgifter til egedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar, Rogaland og resten av landet.

Arbeid med energiøkonomisering har gjeve betydelege kostnadsreduksjonar i energiforbruket til den samla kommunale bygningsmassen. Revidert energiavtale, bruk av alternative energikjelder, sentralstyringsanlegg for energibruken i større bygg og rehabilitering av ventilasjonsanlegg har bidrige til dette.

### 6.3.2 Omstilling

Samfunn har vore involvert i fleire ulike delprosjekt i samband med Omstilling 2017. Dette har resultert i ein rekke kostnadsreduserande tiltak.

Me skal redusera kostnadene til økonomisk sosialhjelp ved å få brukarane raskare ut i arbeid eller tiltak. Dette er først og fremst bra for den enkelte brukar, men gjer i tillegg kostnadsreduksjonar på 2,8 millionar kroner i 2018, 3,5 millionar kroner i 2019 og 3,8 millionar kroner i 2022.

Innan egedom skal me syta for tilstrekkeleg formålsbygg ved å utnytta eksisterande bygningsmasse slik at nye investering, i eksempelvis skulebygg, kan utsettast i tid. Me skal også redusera kostnadene til reinhald ved overgang til ny reinhaldsstandard. Budsjettet kostnadsreduksjonar utgjer 1,6 millionar kroner frå 2018 og ytterlegare 500 000 kroner frå 2019. Når det gjeld kommunale utleiebustadar skal me redusera kostnadene til vedlikehald. Budsjettet reduksjon på 500 000 kroner årleg frå 2018.

Samfunn skal leggja fram sak for kommunestyret med forslag til ny modell for vintervedlikehald av kommunale vegar. Me har stipulert ei innsparing på 200 000 kroner i 2018 og ytterlegare 300 000 kroner årleg frå 2019.

I Kultur skal me redusera kostnadene med 500 000 kroner. For å få dette til vil me redusera netto driftskostnadene til biblioteket med 250 000 kroner årleg ved å trekkja inn eit vakant 40 % årsverk. Organisering og opningstider for biblioteket vil verta vurdert saman med konseptet meirope bibliotek. Me reduserer netto driftskostnadene knytt til drift av kulturhus og allment kulturarbeid med 75 000 kroner årleg ved mellom anna opphør av leasingbilavtale.

Innan fritidssektoren reduserer me netto driftskostnadene med 50 000 kroner årleg ved å trekkja inn 14 % årsverk. I tillegg er det i haust sett i gang eit arbeid for å vurdera drifta av musea i kommunen, og i 2018 vil me greia ut drifta av Velferdssenteret og Sivdammen catering ut frå det reelle brukarbehovet. Resterande 125 000 kroner kjem som inntekter frå kiosk- og billettsal i Storstova.

Samfunn reduserer også netto kostnadene med 1 million kroner årleg ved å halda tre forvaltningsårsverk vakante innan byggesak, arealplan og miljø.

Tilskot på 150 000 kroner årleg til grusing/asfaltering av private vegar fell bort.

### 6.3.3 Mål for langstidsperioden

- Sikra innbyggjarane sine behov for nødvendige helse- og sosialtenester av god kvalitet
- Redusera talet på unge sosialhjelpsmottakarar
- Sikra innvandrarar og flyktingar god integrering og arbeid gjennom tett samarbeid med arbeidsgjevarar og frivillig sektor
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylla krava i EU sitt vassdirektiv

- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvenleg vass- og avløpsteneste som dekkjer hushalda og næringslivet sine behov
- Sikra at hushaldsavfall vert samla inn på ein miljøvenleg og effektiv måte
- Redusera risikoen for trafikkulykker i kommunen
- Redusera klimagassutslepp og førebyggja uønska konsekvensar av klimaendringar
- Følgja opp nasjonal jordvernsstrategi
- Følgja opp nasjonale miljømål
- Leggja til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstadar
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriuftsliv ved utbygging og fortetting
- Få til ei urban utvikling av Bryne sentrum med fokus på bukvalitet og Bryne som regionsenter for næring, læring og kultur
- Gje publikum eit mangfaldig filmtilbod på Bryne Kino og utvikla kinoen som ein attraktiv møtestad
- Tilpassa og utvikla Storstova som regionalt kulturhus utan kino
- Gjera biblioteket meir tilgjengeleg ved innføring av meirope bibliotek
- Avklara og vidareutvikla drifta av musea i Time
- Vurdera status og vidareutvikling av fritidsklubbtildet
- Syta for at endringar/nye tiltak vert planlagde i samarbeid med brukarar, er bærekraftige når det gjeld økonomi og miljø og bruker ny teknologi



#### 6.3.4 Tiltak i 2018

##### Folkehelse, plan og landbruk

- Ferdigstilla ny folkehelseprofil for Time
- Følgja opp konkrete område- og detaljreguleringsplanar i tråd med planstrategien
- Få på plass revidert arealdel av kommuneplanen
- Utarbeida gatebruksplan for Bryne og regulera Storgata til gågate
- Utarbeida tiltaksplan for Orrevassdraget
- Følgja opp tiltaksplanen for Håvassdraget
- Ta vare på biologisk mangfold ved å setja ut humlekassar, etablera blomstereng, utsetja kantslått og redusera bruk av sprøytemiddel

##### Beredskap

- Få på plass framtidig vertskommunesamarbeid om legevaktordning i tråd med føringane i akuttmedisinforskrifta

##### Samferdsel og grøntområde

- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen
- Gjennomføra sanering og rehabilitering av leikeplassar på Lye
- Utarbeida plan for sanering og rehabilitering av leikeplassar på Bryne og Kvernaland
- Styrka vedlikehaldsarbeidet på kommunale vegar
- Gjennomføra vedlikehaldstiltak på uteområde ved kommunale bygg
- Skifta ut gatelys med kvikksølvpaører med nye LED-armatur
- Systematisera og digitalisera drift av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde

## **Vatn, avløp og renovasjon**

- Alle bygningar som har vassforsyning, skal ha installert tilbake strøymingsvern og vassmålar i 2018
- Skifte ut minimun 1 % av kommunale vass- og avløpsleidningar
- Gjennomføra førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Vurdera innføring av henteordning for hageavfall og farleg avfall
- Gjennomføra brukarundersøking for renovasjonstenesta for private hushald

## **Helse,-sosial- og flyktningtenesta**

- Greia ut andre måtar å organisera fastlegegenesta på enn dagens private legesentra
- Dekkja vertskommuneansvaret for fysioterapiteneste for funksjonshemma elevar i vidaregåande skule
- Redusera ventetida til ergoterapitenesta til tre månadar
- Mottakarar av arbeidsavklaringspengar, som er under 25 år, skal få tett og tilpassa oppfølging mot arbeid før det er aktuelt å vurdera uførepensjon.
- Busetja flyktningar i samsvar med statlege førespurnad for 2018
- Arbeida med omlegging av introduksjonsprogrammet for å gjera dette meir individuelt tilpassa den enkelte flyktning
- Gjennomføra brukarundersøking for flyktningar i introduksjonsprogrammet
- Gjennomføra brukarundersøking i NAV Time

## **Kultur**

- Etablera Bryne kino i nye lokale
- Avklara modell og driftskonsept for nye Storstova
- Oppgradera biblioteket sine utlånsterminalar
- Fullføra arbeidet med å digitalisera fotosamlinga på biblioteket
- Forhandla om ny driftsavtale med Jærmuseet for Knudhaeio og Garborgheimen
- Få med fleire samarbeidspartnarar i å arrangera og utvikla litteraturfestivalen Garborgdagar
- Gjennomføra innovasjonsprosjektet «Smart organisering av frivillig innsats»
- Innføra nytt bestillings- og betalingssystem ved symjehallane
- Etablera utstyrslager for idretts- og friluftsutstyr
- Revidera kulturplanen og utarbeida ein strategi for samhandling med frivillig sektor
- Greia ut framtidas Velferdssenter og Sivdammen Catering

## **Eigedom**

- Innføra ny reinhaldsstandard i kommunale bygg
- Optimalisera varme- og ventilasjonsanlegga i kommunale bygg
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Gjennomføra dei byggjeprosjekta som er eller vert sette i gang i 2018 i tråd med investeringsdelen

### 6.3.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

<b>Samfunn</b> Netto driftsutgifter (1000 kr)	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Økonomiplan</b>				<b>2017-2018</b>
	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	
Administrasjon	2 709	2 800	3 300	3 300	3 300	3 300	17,9 %
Plan og forvaltning	4 374	4 702	3 543	3 293	3 293	3 293	-24,6 %
Landbruk og miljøvern	4 790	5 020	4 015	4 080	5 085	5 085	-20,0 %
Brannvern	5 781	7 227	8 781	10 231	11 681	13 131	21,5 %
Vegar	11 348	9 587	9 431	9 331	9 331	9 331	-1,6 %
Grøntanlegg	8 813	9 318	10 371	10 346	10 346	10 346	11,3 %
Helse og rehabilitering	30 353	31 040	30 367	30 817	31 017	31 017	-2,2 %
Flyktningtenesta	10 652	14 453	15 360	11 960	8 960	8 560	6,3 %
NAV Time - sosialtenester	31 726	31 956	29 357	28 657	29 157	28 957	-8,1 %
Kultur	21 569	21 844	20 663	18 548	20 628	18 648	-5,4 %
Eigdomsforvaltning	49 953	49 310	45 654	46 504	46 687	46 687	-7,4 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>182 068</b>	<b>187 257</b>	<b>180 842</b>	<b>177 067</b>	<b>179 485</b>	<b>178 355</b>	<b>-3,4 %</b>

### 6.3.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Styrking av staben i Samfunn med 0,5 årsverk frå 2018
- Det ligg inne 250 000 kroner i 2018 til kjøp av utgreiingsarbeid i forbindelse med revisjon av arealdelen til kommuneplanen
- Det er sett av 900 000 kroner i planperioden til gjennomføring av tiltaksprogram i Vassregion Rogaland og prioriterte tiltak i Hå- og Orrevassdraget
- Gradvis opptrapping av tilskotet til Rogaland brann og redning med om lag 1,5 millionar kroner årleg frå 2018 til og med 2021
- Gatefeiing i Bryne er styrka med 100 000 kroner frå 2018 og ytterlegare 100 000 kroner frå 2019
- Styrking av grøntanlegg med 1,0 årsverk frå medio 2018
- Nytt 0,5 årsverk for fysioterapeut for å ivareta vertskommuneansvaret for funksjonshemma elevar i vidaregåande skule i 2018
- Ny privat fysioterapiheimel frå medio 2019
- Ny legevaktordning med årleg kostnad på minst 1,2 millionar kroner frå 2018
- Sjukeheimslegane, 1,4 årsverk, vert flytt frå Samfunn til Omsorg i 2018
- Styrking av introduksjonsordninga for flyktningar på 700 000 kroner i 2018 og så gradvis reduksjon i åra etter
- Styrking av flyktningtenesta med 0,6 årsverk i engasjementstilling i 2018
- Tilskotsordninga til private idrettsanlegg er styrka med 100 000 kroner frå 2018
- Oppjustert leigepris med 100 000 kroner årleg for avtalen med Undheim IL for leige av idrettshallen
- Tilskot på i alt 3 millionar kroner til medfinansiering av investeringstiltak på idrettsanlegga til Jæren golfklubb, Undheim IL, Bryne tennisklubb og Frøyland IL er lagt inn i planperioden, jf. kap. 8.4.
- Heilårs arbeidstreningstiltak for sosialhjelplsmottakarar i 2018 og åra framover med ein kostnad på om lag 1 million kroner
- Tilskot på 250 000 kroner i 2018 for oppføring av minnesmerke ved Time kyrke for innbyggjarar som kom bort under krigen


- Justert driftsavtale med Jærmuseet på 50 000 kroner årleg for drift av Knudaheio og Garborgheimen
- Auka driftsutgifter, m.a. 1,5 nye årsverk, og tilsvarande auka inntekter for nye Bryne kino frå slutten av 2018
- Reduksjon i årlege energiutgifter på 100 000 kroner i 2018 aukande til 350 000 kroner i 2020
- Reduksjon i årlege leigeutgifter til Frøyhallen er lagt inn i åra framover
- Styrking av vedlikehaldet av kommunale bygg med 0,5 årsverk for driftsoperatør frå medio 2018
- Kostnadsreduksjon økonomisk sosialhjelpe 2,8 millionar kroner i 2018, 3,5 millionar kroner i 2019 og 3,8 millionar kroner i 2022 (Omstilling 2017)
- Vakante årsverk i forvaltning 1 million kroner (Omstilling 2017)
- Reduksjon i vintervedlikehald, 200 000 kroner i 2018 og ytterlegare 300 000 kroner i 2019 (Omstilling 2017)
- Reduksjon i vedlikehald av kommunale utleigebustadar, 500 000 kroner (Omstilling 2017)
- Avsluttar tilskot til privat grusing/asfaltering, 150 000 kroner (Omstilling 2017)
- Reduksjon på 250 000 kroner årlig til biblioteket ved å trekka inn vakant 40 % årsverk (Omstilling 2017)
- Reduksjon på 50 000 kr årleg til Fritid ved å trekka inn 14 % årsverk (Omstilling 2017)
- Reduksjon på 75 000 kr årleg til drift av kulturhus og allment kulturarbeid mellom anna ved opphøyr av leasingbilavtale (Omstilling 2017)
- Inntekter frå kiosk- og billettsal i Storstova på 125 000 kroner (Omstilling 2017)

### 6.3.7 Oversikt over personalressursar

<b>Samfunn</b>	<b>31.12.2017</b>	<b>Nye</b>	<b>Redusert</b>	<b>31.12.2018</b>
Administrasjon	2,5	0,5		3,0
Plan og forvaltning	16,0		-2	14,0
Landbruk og miljøvern	4,6		-1	3,6
Vegar	6,5			6,5
Helse og rehabilitering	18,3	0,5	-1,4	17,4
Fritid	13,8		-0,1	13,7
Flyktningetenesta	5,4			5,4
NAV Time - Sosialtenester	10,3			10,3
Grøntanlegg	9,5	1,0		10,5
Vatn, avløp og renovasjon	1,5	1,0		2,5
Kultur	6,8	1,5		8,3
Eigedomsforvaltning	84,0	0,5	-7,5	77,0
Bibliotek	7,9		-0,4	7,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>187,1</b>	<b>5,0</b>	<b>-12,4</b>	<b>179,7</b>

## 6.4 Stab

### 6.4.1 Status og utfordringar



#### Politiske organ

Lokaldemokrati er eit satsingsområde i kommunen. Lokaldemokratiundersøkinga blant politikarar og innbyggjarar vert utgangspunkt når handlingsplan for lokaldemokrati skal reviderast i 2018.

Med ei valdeltaking på 81,58 % ved Stortingsvalet i 2017, det same som i 2013, er målet framleis å oppnå ei høgare valdeltaking både ved Stortingsval og kommuneval i perioden.

Administrasjonen skal legga til rette for borgarleg vigsel frå 01.01.2018.

#### Kommunikasjon med næringsliv og innbyggjarar

Det er ei forventing at kommunikasjonen mellom det offentlege og næringsliv og innbyggjarane vert stadig meir digital og tilgjengeleg døgnet rundt. Ein føresetnad for digitale tenester er at stadig fleire prosedyrar i saksbehandlinga vert fullelektroniske.

Innbyggjarservice vil i perioden måtta utviklast vidare med digitalt førsteval som mål. Samtidig er tidleg dialog og klart språk viktige satsingsområde for å leggja til rette for god samhandling mellom kommunen og aktørane i lokalsamfunnet.

#### Administrasjon

Administrasjonen er del av omstillinga i kommunen og skal justera ned driftskostnadane. Justeringa skal skje ved å nytta effektiviseringsgevinstar av å digitalisera arbeidsoppgåver og rutinar. Tenestene vert endra, men utan at det skal gå ut over den opplevde leveransen til tenesteeiningane.

#### Jæren kemnerkontor

Time kommune er verkskommune for kemnerkontoret som driv ei effektiv og serviceinnstilt teneste for innbyggjarane i Hå, Klepp, Gjesdal og Time.

Skatt vest si avdeling på Bryne vert nedlagt i 2019. Kemnerkontoret har i dag eit godt samarbeid med Skatt vest si avdeling på Bryne, noko som gjev betre effektivitet og ikkje minst betre service til innbyggjarane våre.

## Næring

Gjennom aktiv dialog og føreseielege rammevilkår vil kommunen bidra til å ta vare på og utvikla eit breddt næringsliv. Etablering av nye samarbeidsformer for byutvikling, nye bedrifter og nye arbeidsplassar er nødvendig for å fremja utvikling og aktivitet. Arbeidet krev løypande avklaring av forventningar og roller.

I arbeidet med byutvikling er samspel med utbyggjarar, gardseigarar og andre næringsdrivande viktig. Styringsgruppa for byutvikling er det viktigaste forumet for dette arbeidet. Sentrumsplanen gjev mange moglegheiter for ny aktivitet. Det vert også belyst i den årlige Bykonferansen.

Kommunen har ikkje ledige næringstomter for sal. I forbindelse med revisjon av arealdelen vil det verta vurdert behov for nytt areal til næringsverksemdu. Kommunen ser moglegheiter for auka aktivitet i etablerte næringsområde, og vil støtta opp under omforming av gamle næringsområde.


Time kommune er ein av initiativtakarane til den nye Grunder Arena Jæren, bedriftsnettverket Alloyance for avansert mekanisk industri, Eksportdagen «Kom deg Ut», og rekrutteringsnettverket Link Jæren.

Etter kvart som avtaleperiodane for dei ulike utviklingsnettverka som Time deltek i går ut dei neste to til tre åra, vil det vera naturleg å evaluera støtta og kommunen si deltaking.

Rogaland har ein god auke i turister frå inn- og utland, og me ønsker å bidra til at det kjem fleire turistar til regionen og kommunen vår. Dette arbeidet er det naturlig å samarbeida med dei andre kommunane på Jæren om, særleg når det gjeld innhald og form på turistinformasjon, som må utviklast i tråd med den digitale utviklinga. Nye reiselivspakkar og elsykkel-ordning er blant dei tinga som vert etterspurde.

Time vil årleg gje eit tilskot til Bryne Næringsforening på 200 000 kroner. Tilskotet skal bidra til å auka talet på arrangement i Bryne sentrum, og då særleg på torget. Me vil utarbeida ein samarbeidsavtale, som vil vera føresetnaden for tilskotet, der fokus vil vera Livsgledefestivalen, Potefestivalen og arrangement i samband med juletretenning.

Grafen under viser utviklinga i talet på arbeidsplassar i kommunen, samt inn- og utpendling. Nedgangen i sysselsette har minka, men ledigheita er fortsatt høg i forhold til det me er vane med i regionen vår. Det er interessant å merka seg at rundt halvparten av arbeidsplassane i Time er bemanna av personar som bur utanfor kommunen. Samtidig pendlar nærmare to tredjedelar av sysselsette som bur i Time ut av kommunen.



## Kyrkja

Kyrkjeleg fellesråd har fått inflasjonsjustert tilskotet. Plan for verneverdige kulturminner er under arbeid og det er i 2019 sett av 100 000 kroner til restaurering av verneverdige kulturminner.

I investeringsbudsjettet er det sett av 750 000 kroner til uteområde rundt Bryne kyrkje slik at dette skal vera ein attraktiv plass for innbyggjarane. Vidare er set sett av 3 millionar til Bryne kyrkje til universell utforming og oppgradering av dagens barnehageareal.

Kyrkjeleg fellesråd planlegg ny barnehage på Stemmen på Bryne med ferdigstilling hausten 2019. Tomta til verdi av 8,3 millionar kroner er kjøpt og finansiert med lån frå kommunen.

### 6.4.2 Omstilling

Stabane skal redusera administrasjonskostnaden og effektivisera tenesteproduksjonen i stabane tilsvarande 1,3 millionar kroner i 2018 og 2 millionar kroner frå og med 2022. Sett opp i mot størrelsen på driftsbudsjettet til stabane er dette ein relativt stor reduksjon som krev at planlagde digitaliseringsprosjekt vert gjennomførde.

I økonomiavdelinga vil me fulldigitalisera inn- og utfakturering og redusera med eit halvt årsverk. Innan lønn og personale vil me ta i bruk nye ikt-løysingar og redusera med eit halvt årsverk. Me vil fulldigitalisera arkivet, fullføra svar ut/inn og redusera med eitt årsverk. I tillegg vil me dra inn vakante stillingar tilsvarande eitt årsverk.

Ein føresetnad for å kunna ta ut desse effektiviseringsgevinstane er at me set inn ekstra ressursar tilsvarande eit halvt årsverk i eitt år. Av innsparte årsverk ønskjer me å oppretta eit felles innkjøpskontor, i første omgang for stabane, men med moglegheit for utviding.

Servicetorget skal slås saman med kommunikasjonsavdelinga og det er forventa ein samordningsgevinst på eit halvt årsverk. Opningstider og bemanning vil verta vurdert justerte og me legg opp til ein reduksjon på eit halvt årsverk. I tillegg skal innovasjonsprosjektet «Servicetorget fram i tid» anbefala korleis eit framtidig servicetorg skal vera. Prosjektet har eit effektiviseringskrav på 500 000 kroner frå og med 2020.

### 6.4.3 Mål for langtidsperioden

- Digitalisera og effektivisera administrasjonen slik at Time kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad
- Setja i verk tiltak for å sikra at språket i saker, brev og publikasjonar er klart og forståeleg
- Auka valdeltakinga i perioden

### 6.4.4 Tiltak i 2018

#### Politikk

- Ferdigstilla revidert handlingsplan for lokaldemokrati
- Setja i verk communal ordning for borgarleg vigsel
- **Kommunikasjon**
- 80 % av dialogen mellom innbyggjar og kommune skal vera digital
- Implementera revidert grafisk profil i organisasjonen
- Gjennomføra prosjekt for klart språk i tekstar i to avdelingar
- Gjennomføra prosjekt for klart språk på nettsidene

## Administrasjon

- Slå saman servicetorg og kommunikasjon og ta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk
- Effektivisera og eventuelt redusera opningstid på servicetorget for å få ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk
- Styrke digitaliseringsarbeidet med 0,5 årsverk
- Fulldigitalisera inn- og utfakturering og dermed effektivisera med 0,5 årsverk
- Ta fullt i bruk nye modular i lønns- og personalsystem og dermed henta ut ein effektiviseringsgevinst på 0,5 årsverk
- Fulldigitalisera arkiv og svar ut/inn og effektivisera med 1 årsverk
- Styrke innkjøpsarbeidet med 0,5 årsverk ved at større del av kommunen sitt innkjøp vert gjennomført av ein profesjonell innkjøpar i fellesadministrasjonen
- Implementera plan for digitalisering og infrastruktur i organisasjonen
- Implementera smartstrategien i organisasjonen
- Gjennomføra innovasjonsprosjekt innbyggjarservice 2026

## Næring

- Evaluera Grunder Arena Jæren
- Evaluera ny modell for Turistinformasjonen
- Formalisera ein samarbeidsmodell med næringslivet i Bryne sentrum
- Etablira el-bysykkel ordning i Bryne
- Avklara ny framtidsretta parkeringsløysing i Bryne

### 6.4.5 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenester Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan			2017- 2018
	2016	2017	2018	2019	2020	2021		
Politiske organ	7 188	7 368	6 990	7 640	7 090	7 390	-5,1 %	
Administrasjon	41 632	44 237	42 875	42 060	41 945	42 180	-3,1 %	
Jæren kemnerkontor	1 699	2 068	1 946	1 946	1 946	1 946	-5,9 %	
Næring	2 468	2 406	2 608	2 488	2 488	2 488	8,4 %	
Kyrkja	8 543	8 618	8 733	8 933	8 633	8 633	1,3 %	
Diverse fellesutgifter	2 966	3 478	3 343	3 343	3 343	3 343	-3,9 %	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>64 496</b>	<b>68 175</b>	<b>66 495</b>	<b>66 410</b>	<b>65 445</b>	<b>65 980</b>	<b>-2,5 %</b>	

### 6.4.6 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

- Kommuneval i 2019
- Stortingsval i 2021
- Styrka kyrkjemusikken med 115 000 kroner
- Digitalisering fellesrådet samla tilskot 2018 og 2019 på 300 000 kroner
- Tilskot i 2018 til KS sitt digitaliseringsfond med 380 000 kroner, kostnaden vert dekka av disposisjonsfond
- To nye lærlingar frå hausten 2019
- Årleg tilskot til Bryne Næringsforening på 200 000 kroner
- Rådhuskantine får 200 000 kroner i reduserte rammer (Omstilling 2017)
- Reduksjon i 2018 på 4 årsverk og 1 050 000 kroner, og reduksjon frå 2020 på 2 400 000 kroner (Omstilling 2017)
- Styrka digitaliseringsarbeidet med 0,5 årsverk (Omstilling 2017)
- Styrka innkjøpsarbeidet med 0,5 årsverk (Omstilling 2017)

#### 6.4.7 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2017	Nye	Redusert	31.12.2018
Administrasjon	48,7	1,0	-4,0	45,7
Jæren kemnerkontor	9,5			9,5
Næring	1,0			1,0
Diverse fellesutgifter	5,6			5,6
Årsverk i alt	64,8	1,0	-4,0	61,8



# 7 Kommunen som arbeidsgjevar

## 7.1 Status og utfordringar

Time kommune har gjennomført ei kartlegging på kva tiltak me må setja i gang for å få budsjettet i 2018 og i perioden i balanse. Det har vore brei deltaking i frå heile organisasjonen. Prosessen med å gjennomføra tiltaka vil verta utført i tråd med lov, avtale og lokalt regelverk.

Å rekruttera og behalda kritisk kompetanse vil vera ei utfordring på sikt, spesielt innan Omsorg. For å møta utfordringa gjennomfører Omsorg fleire prosjekt. Dei viktigaste er prosjektet for å få ned sjukefråværet og å innføra ein heiltidskultur.

Fleire tenester internt og ut mot brukarane vil verta digitaliserte på sikt. Digitalisering av tenester og oppgåver vil verta eit stort satsingsfelt i perioden. Dette er gjennomgåande for alle kommunar. Hensikta er å få ei meir effektiv drift, betre tenester og ikkje minst skal digitalisering vega opp mot dei demografiske utfordringane me står ovanfor når det gjeld tilgang på ny arbeidskraft.

### Tilsette

	31.12.2017	Nye	Redusert	31.12.2018
Oppvekst	558,0	7,8	-1,4	564,3
Omsorg	359,0	25,1	-11,2	372,9
Samfunn	187,1	5,0	-12,4	179,7
Stabstenester	64,8	1,0	-4,0	61,8
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 168,9</b>	<b>38,9</b>	<b>-29,0</b>	<b>1 178,7</b>

Oversikta inkluderer alle årsverka for tilsette i Time kommune, også dei som jobbar i interkommunale tiltak der Time er vertskommune.

### Omstilling

For å få budsjettplanane for dei neste 3 åra i balanse, sette rådmannen i 2017 i gang omstillingsprosjektet Omstilling 2017. Det er utført kartlegging og analysar av effektiviserings- og innsparingstiltak. Politisk vedtak vart gjort hausten 2017 og tiltaka vert gjennomførte i 2018. Tilsette og deira representantar har vore med i prosessen, så organisasjonen er godt førebudd på omstillinga. Kartlegging, analyser og vurderingar er gjort av arbeidsgrupper i tenesteområda og er dermed godt kjende. Rådmannen vil gjennomføra omstillinga i tråd med lov og avtaleverket og prosessen vil skje i tett dialog med dei tillitsvalde. Nokre av omstillingsgevinstane vil vera avhengig av at ein har fått effekt av digitaliseringstiltak.

I kommunalområdet Omsorg jobbar for mange tilsette i deltidsstillingar. Det går m.a. ut over den faglege kvaliteten i helgene og fører til eit høgare sjukefråvær. Me har starta eit prosjekt med å bruka innovasjonsmetoden vår til å finna nye arbeidstidsordningar i Omsorg. Målet er fleire heiltidsstillingar, betre kvalitet i tenesteutføringa og å etablera ein heiltidskultur.

### Personvern

EU si forordning for personvern vert teken inn i norsk lov i mai 2018. Time kommune må tilpassa eige regelverk til den nye lova. Den nye lova legg meir vekt på ansvar og internkontroll i eiga verksemd, framfor kontroll frå Datatilsynet. Dei nye reglane inneber mellom anna kravet til personvernombod i alle offentlege verksemder. Personvernombodet skal ivareta personvernlova både for innbyggjarar og tilsette.

## **Rekruttering**

Utviklinga i arbeidsmarknaden dei siste åra har ikkje ført til enklare rekruttering innafor dei områda kor kommunen har størst behov for personell, eksempelvis sjukepleiarar og vernepleiarar.

Ei utfordring innan Omsorg er at det stort sett vert utdanna nok fagpersonar, men at ein for stor del av desse etter kvart vel å ikkje arbeide i omsorgssektoren. Denne «lekkasjen» av fagfolk gjer det meir utfordrande å få rekruttert. I tillegg er det utvikla ein deltidskultur i Omsorg, som skapar eit behov for fleire personar for å fylla opp stillingane. Rekruttering av leiarar er også utfordrande i kommunal sektor, og spesielt i Omsorg. Det er stor konkurranse i det geografiske rekrutteringsområdet me opererer i, og me vil sjå på korleis me som kommune kan verta meir synlege og attraktive for søkerarar.

Ny statleg pedagognorm frå 1. august 2018 set krav til kor mykje pedagogisk personell det skal vera per barn i barnehagen. Berre i dei kommunale barnehagane vil dette tilsvara tolv nye pedagogårsverk. Denne arbeidsgruppa har Time allereie hatt utfordringar med å rekruttera. Det vil truleg verta endå større konkurranse i regionen når den nye norma trer i kraft. Time har over lengre tid lagt til rette for at tilsette i barnehagar kan ta pedagogisk utdanning på deltid, og fleire nytter seg av ordninga. Denne satsinga vil gjera det lettare for Time å nå norma.

Me må òg fortsetta arbeidet med å betra kvaliteten på tilsettingar gjennom å gje leiarane kompetanseheving og fagleg hjelp. I tillegg må me hjelpe leiarane til å nytta prøveperioden for nye tilsette til å følgja opp med forventningar, krav, rettleiing og hjelp.

## **Kvalitet og internkontroll**

Me har dei siste åra fått betre system og rutinar på plass innan internkontroll. Rådmannen sitt kvalitetsutval og kvalitetsteama i alle einingane er etter vorte viktige aktørar i arbeidet med systematisk forbeting. Fleire leiarar har fått eit meir bevisst forhold til handtering av avvik og læring av desse. Framover vil me ha enda meir fokus på korleis me kan betra kvaliteten gjennom systematisk gjennomgang av avvik og uønska hendingar. Me vil gjera leiarane trygge på korleis dei kan analysera avvik og at dei veit korleis dei kan nytta innspel og klager frå brukarar til forbeting og læring.

Me vil òg laga rutinar for korleis me handterer og lærer av alvorlege hendingar. I tillegg skal me setja i verk internt system for å utføra interne tilsyn av kvalitetsarbeidet i einingane.

## **Varsling**

Kommunen reviderte rutinane for varsling av uønska hendingar i 2017. Varslingsombodet har sidan det var oppretta i 2009 mottatt nokre få varslingar. I 2018 må me arbeida med å implementera dei reviderte rutinane og gjera dei kjende for alle tilsette. Time kommune er og invitert til å vera med på ei vurdering av felles varslingsombod for fleire kommunar i Rogaland. Hovudverneombodet i kommunen representerer kommunen i dette arbeidet.

## **HMS og sjukefråvær**

HMS-arbeidet er ein integrert del av det daglege arbeidet og leiarane våre er opptekne av å sørja for forsvarleg arbeidsmiljø for sine tilsette. I omstillingsprosessane som me nå er ein del av, må me ha fokus på korleis dette påverkar arbeidsmiljøet i dei ulike einingane. Grunnleggande arbeid som oppfølging av medarbeidarkartlegging, vernerundar, medarbeidarsamtalar og HMS-planar vil verta viktige aktivitetar. I 2018 skal me igjen ha HMS-kurs for verneombod, leiarar og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Time har i handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv 2017-2019 sett som mål at kommunen skal ha eit samla sjukefråvær under 5,7 %. For å oppnå dette har me i handlingsplanen beskrive ei rekke tiltak og blant dei mest sentrale er auke av sjukefråværssoppfylginga blant leiarar i kommunen samt eige sjukefråværsprosjekt i Omsorg. For 2018 har me sett oss som mål å koma under 6,2 % i sjukefråvær i kommunen samla.

## Lærlingar

Lærlingane er viktige for rekrutteringa og me treng gode fagarbeidarar i kommunen. Samtidig har dei ny teoretisk kunnskap som me kan dra nytte av. Politikarane vedtar kor mange lærlingar kommunen skal ta inn, og talet på lærlingplassar har auka dei siste åra. I 2018 har me 28 læreplassar over ein 2-årsperiode innan faga barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, ikt og kontorfag. Me har utvikla gode plattformar for erfaringsutveksling og samarbeid med nabokommunane, samt eit landsdekkande nettverkssamarbeid. Lærlingane er eit viktig satsingsområde for kommunen og me ønsker å auka talet på læreplassar i åra som kjem.

### Tiltak for lærlingane:

- Medlem av NOOS (nettverk for fagopplæring i offentleg sektor)
- Faste nettverksmøte for lærlingar og instruktørar
- Fagsafari, kor hensikta er å rekruttera og profilera yrkesfag
- Samarbeid med nabokommunane om rekruttering kvart år
- Samarbeid med nabokommunane om kompetanseboka (den nye opplæringsboka til lærlingane, som me har utarbeida)

## Tiltakslassar

Time har 65 tiltakslassar i kommunen og målet er at 20-25 av desse til ei kvar tid skal vera i bruk. Tilbodet prioriteter unge sosialhjelpsmottakarar som frå 01.01.2017 fekk aktivitetsplikt.

Kommunen har òg starta opp eit toårig prosjekt som skal bidra til at unge sosialhjelpsmottakarar som står langt unna arbeidsmarknaden, kjem i aktivitet og arbeid. Det er tilsett prosjektleiar som samarbeider tett med NAV Time. Gruppa skal arbeida med drifts- og vedlikehaldsoppgåver.

## Kompetansebygging

Me arbeider strategisk og systematisk med kompetanse. I dei komande åra vil me definera kompetansekrav, behov og utfordringar i tenesteområda, og utvikla tiltak som kan dekka desse. I Oppvekst arbeider me vidare med å gje dei tilsette kompetanse som oppfyller lovkrav til utdanninga. For Omsorg er psykisk helse, auka kompetanse hos ufaglærte, ernæring, demens og etikk viktige satsingsområde. Styrka leiarkompetansen og auka kompetansen til ufaglærte er viktige satsingsområde for tenesteområde Samfunn. Stabane arbeider med å digitalisera felles arbeidsplattformar.

### Satsingsområde på tvers av tenesteområda:

- Digitalisering
- Innovasjon
- Psykisk helse
- Kvalitetssikra rekrutteringsprosessar
- Styrka leiarkompetansen
- Samskaping

## **Medarbeidarundersøking**

Anna kvart år gjennomfører me medarbeidarundersøking. Me bruker 10-faktor undersøkinga, som er spesielt tilpassa kommunane. Målet er at denne skal vera ein del av leiarverktøyet, og me bruker god tid til planlegging, gjennomføring og oppfølging av resultat. I 2018 skal me gjennomføra tiltak på bakgrunn av undersøkinga som vart gjennomført i november 2017.



## **7.2 Mål for langtidsperioden**

- Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar med godt omdømme
- Kommunen skal satsa på digitalisering, innovasjon og omstilling
- Sjukefråværet skal reduserast til 5,7 %
- Dei tilsette skal ha kompetanse til å meistra digitalisering og omstilling

## **7.3 Tiltak i 2018**

- Tilpassa interne reglar om informasjonstryggleik og personvern til ny personvernlov
- Oppretta personvernombod
- Eit sjukefråvær under 6,2 %
- Ferdigstilla prosjekt «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» i Omsorg og implementera dei nye arbeidstidsordningane
- Utarbeida plan og tiltak for omdømmebygging av Time kommune som arbeidsgjevar
- Setta i verk system for interne kvalitetstilsyn i einingane for auka forbetring
- Utvikla system for klagehandtering i konflikt- og personalsakar
- Implementera reviderte varslingsrutinar

# 8 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2018

Når me har prioritert prosjekta i perioden 2018-2021, har me tatt omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2017 som har konsekvensar for økonomiplanen.

Folkeveksten i kommunen har minka dei siste åra og presset for utbygging av kapasitet er redusert. Likevel har kommunen auke i elevtalet i skulen og må utvida skulekapasiteten i perioden.

Endring i klima dei siste åra har medført større nedbørsmengder og me satsar i planperioden på å auka kapasiteten på overflatevatn slik at me skal unngå oversvømte kjellarar.

Det ligg i denne økonomiplanen inne store satsingar på kultur og idrett med utstyr til ny kino, ny idrettshall og ny symjehall.

Me har frå 2012 innarbeidd ei årleg inntekt på 1,5 millionar kroner frå Jæren Energi sin vindpark. Dette er ein avtale inngått mellom Jæren Energi, Time og Hå kommune. Avtalen fell bort om kommunen innfører eigedomsskatt. Inntektene skal brukast til miljøtiltak. Rådmannen føreslår at midlane i heile planperioden vert nytta til finansiering av tiltak knytt til friluftsliv slik det går fram av prosjekt 5904 «Friluftsliv».

## 8.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Investeringsutgifter	231,7	412,4	150,3	216,6	248,3	123,7
Momskompensasjon	-32,9	-62,2	-22,5	-35,7	-42,5	-18,2
Investeringsinntekter	-68,7	-75,3	-20,7	-66,4	-58,0	-26,1
Tilskot Jæren Energi	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
<b>Netto finansieringsbehov</b>	<b>128,6</b>	<b>273,4</b>	<b>105,6</b>	<b>113,0</b>	<b>146,3</b>	<b>77,9</b>
Tidlegare avsettingar	-4,5	-4,5				
Utlån startlån	39,8	50,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Kjøp av aksjar og andelar	2,4	2,0	2,6	2,6	2,6	2,6
Netto startlån	3,1					
Avdrag Lyse og fellesråd	-5,8	-5,8	-5,8	-14,7	-5,8	-5,8
Overført frå drift	-20,8	-12,9	-14,8	-15,1	-15,3	-15,5
Låneopptak	-135,4	-302,2	-112,6	-110,8	-152,8	-84,2
<b>Sum finansiering</b>	<b>-121,2</b>	<b>-273,4</b>	<b>-105,6</b>	<b>-113,0</b>	<b>-146,3</b>	<b>-77,9</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	<b>7,4</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Samla framlegg til investeringar i perioden 2018-2021 er på 744 millionar kroner. Investeringane vert delvis finansierte med momskompensasjon og andre investeringsinntekter på til saman 301 millionar kroner. Me eigenfinansierer også delar av investeringane med driftsmidlar på 61 millionar kronar og avdraginnbetaling på utlån til Lyse og Time kyrkjeleg fellesråd på 32 millionar kroner.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen må 360 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tar me opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.

Investeringar til skule og barnehage i planperioden er 275 millionar kroner, til kultur, idrett og friluftsformål 208 millionar kroner og til veg, gate og park 59 millionar kroner.

Det er i perioden sett av 117 millionar kroner vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane vert finansierte med gebyrinntekter.

Me har valt å prioritera følgjande større investeringsprosjekt:

- Nybygg og utviding av Trollongane barnehage
- Byggja ny ungdomsskule og fleirbrukshall saman med Klepp i Vardheia
- Rehabilitera Time vidaregåande skule til bruk for kommunale formål frå hausten 2018
- Byggja/kjøpa fleire kommunale utelegebustadar
- Kjøpa nyt kinoteknisk utstyr i ny kinosal på Bryne
- Ny symjehall på Bryne
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Sluttføra igangsette oppgraderingstiltak på begge sider langs Mølledammen i Bryne sentrum
- Gjera om Storgata til gågate og oppgradera gata
  
- I tabellane som følgjer presenterer me investeringsprosjekta. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra byggjeprosjekta og dei fleste andre investeringane.

## 8.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

### Administrasjon

Administrasjon Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2018					Etter 2 021
			2018	2019	2020	2021	
1101 IKT Investeringar - felles	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
1103 IKT Investeringar - skular	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
1105 Digitalisering byggarkiv	1 500	750	750				
1217 Rehabilitering rådhus Bygg A og C	17 200	13 700	3 500				
1217 Statstilskot 3. og 4. etg. Bygg C	-1 650	-1 500	-150				
1905 Eigenkapital KLP	10 400		2 600	2 600	2 600	2 600	
5924 Kartbasar - fly	1 500		750	750			
<b>Sum administrasjon</b>	<b>31 050</b>	<b>12 950</b>	<b>10 950</b>	<b>6 850</b>	<b>6 100</b>	<b>6 100</b>	

### 1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettert med i alt 10 millionar kroner til ikt-investeringar for den samla kommunale tenesteytinga, ekskl. skulane. Kontinuerleg oppgradering av programvare, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Me får og ein god del utgifter på å utvida lagrings- og backupsistema våre. Nye system fordrar og utviding av serverparken med fleire sterke maskinar. Utbygging av trådlause nettverk i institusjonar og omsorgsbustadar for å kunna ta i bruk ny velferdsteknologi, vert ei prioritert satsing i perioden når skulane nå er «trådlause». Det vil også verta nytta ein del midlar på fiberutbygging.

### **1103 IKT Investeringar – skular**

Til skuleverksemda er det i perioden sett av i alt 4 millionar kroner til ikt-investeringar. Oppgradering av trådlaust nettverk i skulane er gjennomført slik at nettbrettprosjektet kan utvidast. Det er fortsatt einingar som ikkje har fibertilgang, men Lye og Undheim vil vera på fiber i løpet av 2017. Kostnadane er elles relaterte til infrastruktur, ikt-utstyr, programvare, m.m.

### **1105 Digitalisering byggarkiv**

Prosjektet gjeld digitalisering av egedomsarkivet i kommunen.

### **1217 Rehabilitering rådhus Bygg A og C**

Rehabilitering av eldste del av rådhuset, bygg A, og mindre delar av bygg C er planlagt gjennomført i 2017. Det er sett av netto 15,55 millionar kroner til arbeidet i perioden 2017 – 2018.

### **1905 Eigenkapital i KLP**

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

### **5924 Kartbasar – fly**

Prosjektet gjeld periodisk vedlikehald og oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekst samarbeidet i Rogaland.

## **Skular og barnehagar**

Skular og barnehaga Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2018					Etter 2 021
			2018	2019	2020	2021	
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	8 000	2 000	1 500	1 500	1 500	1 500	
2204 Bryne skule - utvendig rehab gammal del	2 500		1 250	1 250			
2239 Rehabilitering Time vgs	13 000	6 000	7 000				
2242 Ny skule Vardheia	254 500	32 500	7 000	115 000	100 000		
2242 Ny skule Vardheia - refusjon frå Klepp (eks momskomp)	-105 000	-16 200	-2 800	-46 000	-40 000		
2246 Brannsikring skulebygg	2 500	2 000	500				
2317 Trollongane barnehage	41 600	6 850	30 000	4 750			
2321 Maurtua bh -nytt uteområde	2 250		1 125	1 125			
<b>Sum oppvekst</b>	<b>231 600</b>	<b>47 650</b>	<b>45 575</b>	<b>77 625</b>	<b>61 500</b>	<b>1 500</b>	

### **2203 Mindre ombyggingar – oppvekst**

I alt 6 millionar kroner er i perioden budsjettert til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er større vedlikehalds- og rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### **2204 Bryne skule - utvendig rehabilitering av eldste delen**

Det er sett av 2,5 millionar kroner til utvendig rehabilitering av den eldste delen av Bryne skule i 2018-2019.

### **2239 Rehabilitering Time vidaregåande skule**

Me har formelt tatt over Time vidaregåande skule frå hausten 2017. Det er nå sett av i alt 13 millionar kroner i perioden 2017–2018 til nødvendig rehabilitering av bygget for å kunna bruka delar av skulen til kommunale formål slik det gjekk fram av Omstillingssaka hausten 2017.

## *2242 Ny skule Vardheia*

I perioden fram til 2020 er det sett av netto 149,5 millionar kroner til innløysing av grunn og bygging av ny ungdomsskule saman med Klepp kommune i Vardheia. Time får og momskompensasjon på 44,5 millionar kroner kostnaden for prosjektet er fordelt likt mellom Time og Klepp. I tillegg kjem idrettshall, sjå prosjekt 2249.

## *2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg*

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i skulebygga.

## *2317 Trollongane barnehage*

Til nødvendig rehabilitering og utviding av barnehagekapasitet i Trollongane barnehage er det sett av 41,6 millionar kroner fram til 2019.

## *2321 Maurtua barnehage – nytt uteområde*

Til nødvendig oppgradering av uteområdet ved Maurtua barnehage er det sett av 2,25 millionar kroner fram til 2019.

## **Omsorg**

Omsorg Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2018					Etter 2021
			2018	2019	2020	2021	
3101 Velferdsteknologi	2 000		500	500	500	500	
3202 Mindre ombyggingar - omsorg	4 500		1 500	1 000	1 000	1 000	
3213 Kommunale bustadar	10 000				6 000	4 000	
3213 Kommunale bustadar - statstilskott	-3 500				-2 100	-1 400	
3213 Kommunale bustadar -sal av bustadar	-6 000		-3 000	-3 000			
3232 Rehabilitering kommunale utlegebustadar	5 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
3240 Bjønnholen 4 bustadar	8 500	3 500	5 000				
3240 Bjønnholen4 bustadar - statstilskot	-3 000	0	-3 000				
3244 Hognestadvegen 39 2 mannsbustad	6 000		1 000	5 000			
3244 Hognestadvegen 39 -statstilskot	-2 100			-2 100			
3245 Gamle Åslandvegen 4 bustadar	8 000				4 000	4 000	
3245 Gamle Åslandvegen 4 bustadar -statstilskot	-2 400					-2 400	
<b>Sum omsorg</b>	<b>27 000</b>	<b>4 500</b>	<b>3 000</b>	<b>2 400</b>	<b>10 400</b>	<b>6 700</b>	

### *3101 Velferdsteknologi*

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

### *3202 Mindre ombyggingar – omsorg*

I perioden er det sett av i alt 4,5 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av helse- og sosialbygg. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### *3213 Kommunale bustadar*

Det er budsjettert med i alt 500 000 kroner nettoutgifter i perioden til bygging og/eller kjøp av bustadar til sosialt vanskelegstilte og nye flyktningar. Det vert nytta startlån og etableringstilskot som finansieringshjelp, slik at fleire brukarar kan kjøpa eigen bustad.

Innlagte salsinntekter i prosjektet i perioden 2018–2019 gjeld sal av nokre utlegebustadar.

### *3232 Rehabilitering kommunale utlegebustadar*

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsfordringane me har i dei kommunale utlegebustadane våre. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette vedlikehaldet.

### *3240 Bjønnholen 4 bustadar*

På kommunal tomt i Bjønnholen, Undheim, vert det planlagt riving av eldre bustadar og bygging av fire nye utlegebustadar i 2017-2018.

### *3244 Hognestadvegen 39 - tomannsbustad*

Det er sett av 3,9 millionar kroner i nettoutgifter til ombygging av kommunal bustad til tomannsbustad i 2019.

### *3245 Gamle Åslandsvegen, Kvernaland*

Prosjektet gjeld bygging av fire nye og mindre utlegebustadar på kommunal tomt på Kvernaland i slutten av perioden.

## **Diverse bygg**

Diverse bygg Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2018	2018	2019	2020	2021	Etter 2 021
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	20 000	10 000	3 000	3 000	2 000	2 000	
1214 Revisjon elektriske anlegg	1 500	500	500	500			
1500 Beredskap	200		200				
2236 Avfallskontainarar	3 000	2 500	500				
3219 UU-prosjekt kommunale bygg	3 500	2 000	1 500				
<b>Sum diverse bygg</b>	<b>28 200</b>	<b>15 000</b>	<b>5 700</b>	<b>3 500</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	

### *1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg*

I perioden 2018–2021 er det sett av 10 millionar kroner til rehabilitering av ventilasjonsanlegg i heile den kommunale bygningsmassen.

### *1214 Revisjon elektriske anlegg*

Til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen er det sett av 1 million kroner i perioden.

### *1500 Beredskap*

Det er lagt inn 200 000 kroner i 2018 til kjøp av nødvendig utstyr i tråd med handlingsdelen av beredskapsplanen.

### *2236 Avfallskonteinrarar*

I 2018 er det sett av 500 000 kroner til å fortsetja arbeidet med etablering av nedgravne avfallskonteinrarar ved skular og barnehagar, primært som brannførebyggjande tiltak.

### *3219 UU-prosjekt kommunale bygg*

Det er sett av 1,5 millionar kroner i 2018 som del av første fase i arbeidet med å gjera alle kommunale bygg universelt tilgjengelege.

## Kyrkje

Kyrkje Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2018	2018	2019	2020	2021	Etter 2 021
4503 Bryne kyrkje	15 050	11 050		1 500	1 500	1 000	
4510 Time kyrkje - rehab	1 000					1 000	
4513 Undheim kyrkje	1 800	800				1 000	
4515 Bryne kyrkje grøntområde	750		750				
<b>Sum kyrkje</b>	<b>17 850</b>	<b>11 850</b>	<b>750</b>	<b>1 500</b>	<b>1 500</b>	<b>3 000</b>	

### 4503 Bryne kyrkje

I tråd med innspel fra Time kyrkjelege fellesråd er det sett av 4 millionar kroner dei siste åra av planperioden til rehabiliteringsarbeid i Bryne kyrkje.

### 4510 Time kyrkje – rehabilitering

I tråd med innspel fra Time kyrkjelege fellesråd er det sett av 1 million kroner i 2021 til rehabiliteringsarbeid i Time kyrkje.

### 4513 Undheim kyrkje

